

Førde kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Møteinnkalling

Møtedato: 10.04.2015
Møtestad: Førde rådhus, møterom 447 Haukedalen
Møtetid: Kl. 08:30

Innkalling: Faste medlemar i utvalet, rådmannen i sakene 016-017/15,
revisor i sak 017/15

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post: arva@sekom.no
Audhild Ragni Vie Alme tlf: 57 61 27 85 mobil: 971 70 064

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
014/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
015/15	Skriv og meldingar 3-2015
016/15	Rådmannen informerer om rutinar for eigenkontroll i Førde kommune
017/15	Uttale til rekneskapen 2014 for Førde kommune
018/15	Oppfølgingsliste 3-2015
019/15	Eventuelt

Med helsing

Anne Lise Bekjorden
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Førde kontrollutval	Møtedato 10.04.2015	Saksnr 014/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/213
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Førde kontrollutval	Møtedato 10.04.2015	Saksnr 015/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 15/199
---	-------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar 3-2015

Vedlegg:

Nr	Dok.dato	Tittel	Dok.ID
1	05.03.2015	FORM-014/15 Val av nytt medlem og varamedlem til kontrollutvalet - Førde kommune, handsama i formannskapet 5.3.2015	15/509
2	31.03.2015	BY-014/15 Årsmelding for 2014 frå kontrollutvalet i Førde kommune, handsama i bystyret 26.3.2015	15/655
3	09.03.2015	Sogn og Fjordane Teater sin budsjettøknad for 2016 til kulturdepartementet	15/522
4	27.03.2015	Kopi av innkalling til ordionær generalforsamling for Sogn og Fjordane Tetater m/årsmelding, årsrekneskap og revisjonsmelding for 2014	15/636
5	27.03.2015	Arbeidsplan 2015 og 2016 for SEKOM-sekretariat	15/398
6	26.03.2015	Årsmelding 2014 - SEKOM-sekretariat (med underskrifter)	15/624

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert teke til orientering.



Førde kommune

Styre, råd og utval
Formannskapet

Møtedato
05.03.2015

Saksnr
014/15

Sakshandsamar:
John Hjelkrem

Arkiv:
FE-033

Arkivsaknr.:
13/2397

Val av nytt medlem og varamedlem til kontrollutvalet - Førde kommune

Per Arne Kloven har i epost av 10.02.15 gjeve melding om at han flyttar frå kommunen 1. mars d.å. og bad seg difor fritaken frå politisk verv som medlem av kontrollutvalet i Førde kommune.

I samsvar med § 15 i kommunelova er slikt fritak gjeve i brev av 19.02.15 frå Førde kommune.

I epost av 27.02.15 har Førde FrP gjort framlegg om slikt val av medlem og varamedlem til kontrollutvalet:

Medlem: Rune Fauske

Varamedlem: Jan Tore Kilnes

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Som nytt medlem og varamedlem til kontrollutvalet i Førde kommune vert vald:

Medlem: Rune Fauske

Varamedlem: Jan Tore Kilnes

Handsaming i Formannskapet 05.03.2015:

Samrøystes vedtak

FORM-014/15 Vedtak:

Som nytt medlem og varamedlem til kontrollutvalet i Førde kommune vert vald:

Medlem: Rune Fauske

Varamedlem: Jan Tore Kilnes

Førde, den 03.03.2015

Ole John Østenstad
Rådmann

Lise Mari Haugen
Ass.rådmann



Førde kommune

Styre, råd og utval
Bystyret

Møtedato
26.03.2015

Saksnr
014/15

Sakshandsamar:
John Hjelkrem

Arkiv:
FE-026

Arkivsaknr.:
13/461

Årsmelding for 2014 frå kontrollutvalet i Førde kommune

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel
06.02.2015	Sak 004.15 Årsmelding 2014 - Førde kontrollutval.pdf
26.03.2015	Årsmelding 2014 Førde kontrollutval.pdf

Dok.ID
156934
156935

Saksutgreiing:

Kontrollutvalet i Førde kommune har i møte 06.02.2015, sak 004/15, handsama Årsmelding 2014 frå kontrollutvalet i Førde kommune. Saka vert lagt fram for bystyre til godkjenning.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsmelding 2014 frå Førde kontrollutvalet vert godkjent.

Handsaming i Bystyret 26.03.2015:

Samrøystes vedtak

BY-014/15 Vedtak:

Årsmelding 2014 frå Førde kontrollutvalet vert godkjent.

Førde, den 26.03.2015

Ole John Østenstad
Rådmann

John Hjelkrem
Konsulent
Tlf. 57612668



Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Førde kommune
SECOM-sekreteriatet
PriceWaterhouseCoopers


Førde 05.03.2015
J.nr.24/2015

Budsjettsøknad for 2016

Vedlagt sender vi kopi av budsjettsøknaden for 2016 som Sogn og Fjordane Teater sende til kulturdepartementet 27.februar 2015.

Med helsing

Sogn og Fjordane Teater


Asbjørng Lotsberg
adm.sekretær

Vedlegg



Budsjettsøknad 2016 for institusjoner med statlig driftstilskudd

Adresseinformasjon

Institusjonens

Navn

Sogn og Fjordane Teater LL

Organisasjonsnummer

929181557

Bankkontonummer

5368 05 06678

Besøksadresse

Postadresse

Angedalsvegen 5

Postboks 324

Førdehuset

6802 FØRDE

6802 FØRDE

Telefon, faks, e-post og URL

Kontaktperson

Telefonnummer 90990600

Kontaktperson Margunn Grytten Selvik

Telefonnumme 970 85 667

E-post post@softeater.no

E-post margunn.grytten.

Oppsummering av søknad (alle tall i hele 1000):

Kulturdepartementet, tilskudd 2015: 18 327

Budsjettsøknad ordinær drift 2016: 18 327

Rekneskapen for 2014 er per i dag ikkje revidert. Rekneskapen viser eit overskot på kr 892 058,-. Resultatet er kr 734 562,- betre enn budsjettert. Resultatet i 2014 vert nærmare kommentert under kommentarar til rekneskap og balanse.

Utviklinga av teatret sin eigenkapital siste fire år:

- 2011 3,6 mill
- 2012 1,4 mill
- 2013 1,75 mill
- 2014 2,6 mill

Vi er nøgde med å styrkje teatrets eigenkapital som er i tråd med styrets mål om solid eigenkapital. Budsjett for 2015 syner eit overskot på kr 20 000 og for 2016 eit overskot på kr 17 000. Vi har som mål å halde eigenkapitalen på dagens nivå og har difor budsjett i balanse for 2015 og 2016.

Pensjonskostnadane varierer i takt med lønnskostnadane. Der har vore ein auke i desse kostnadane siste 3 åra. Estimerte tilskot til pensjonsordninga for 2015 er 2 mill. Vi er ikkje pliktige til å balanseføre pensjonsforpliktelsar, ifølgje rekneskapslova. Det gjer at vi ikkje har dei utfordringane større institusjonar har med negativ eigenkapital. SoFt har hittill ikkje store utfordringar med pensjon, men vi uroar oss over framtidige pensjonskostnadar om ikkje ei ny pensjonsordning kjem på plass.

Teateret sine eigeninntekter siste fire år:

- 2011 5,7%,
- 2012 5,3 %
- 2013 4,4 %
- 2014 5,5 %

Teateret har ikkje hatt sponsorinntekter i 2014. Det er stor konkurranse om sponsorpengar i fylket. Vi har vanskar med å konkurrere med frivillige organisasjonar om sponsorpengane. Vi prioriterar å nytte ressursane til å auke aktiviteten rundt framsyningane for på denne måten å auke billettsalet. Vurdering av eigeninntekspotensialet vårt og tiltak for å styrkje dette vert kontinuerleg vurdert i samband med strategiarbeid og budsjettering. Vi ser mellom anna på mogelegheitene for å utvikle tettare samarbeid med Førdefestivalen og Førde kommune kultur (kulturskule og kulturhus) for å betre utnytte ressursane.

Styret ved SoFt vedtok i mai 2014 ein overordna strategiplan. Teatret arbeider kontinuerleg etter handlingsplanar for å følgje planen. Som eit ledd i satsinga på auke publikumstal har vi sett av midlar i budsjettet for 2015 til marknads og publikumsundersøking.

Teateret hadde ved utgangen av 2014 18 fast tilsette. Lønnskostnadane for dei fast tilsette aukar i samband med lønnsoppgjera. Lønnskostnadane elles varierer i takt med aktiviteten til teateret basert på tal engasjerte til kvart prosjekt.

Teatret har det siste åra arbeidd mykje med å ha tett oppfølging av prosjekta. Spesielt legg vi vekt på arbeidsplanar og å greie ut tekniske element som påverkar tida brukt til rigging på turné. Som turnéteater er arbeidstid for teknisk bemanning ein kritisk faktor og kostnadsdrivar. Vi held fram med å arbeide for best mogeleg bruk av ressursar gjennom langsiktig planlegging, tett samarbeid mellom avdelingar, og fokus på kritiske suksessfaktorar.

Visjon:

Røre folk med opplevingar dei ikkje har hatt før.

Kjerneverdier:

Engasjerande, inkluderande og modig.

Overordna mål (frå vedtektene):

A. Produsere og spele framsyningar primært for publikum i Sogn og Fjordane.

B. Bruk av nynorsk målform eller målføre, og/eller dialektar.

C. Fremje og stimulere amatørteaterverksemda og teaterlivet elles i fylket.

Kunstnarisk profil:

Teatret har tilsett ny teatersjef, Bodil Kvamme. Ho tek til i stillinga 1.1.2016. Inntil ho er byrja i stillinga, står profilen til sitjande teatersjef fast:

I. Utfordrande repertoar som er politisk engasjerande.

II. Repertoar som framstiller og utfordrar den vestnorske identiteten gjennom å spele stykke skriva på nynorsk, om tema og stoff som har røter i eller vedkjem folk i regionen, med skodespelarar som bruker eit vestnorsk scenespråk.

III. Samarbeid med andre for å styrke kvaliteten, og for å få vist stykka fleire stader for eit større publikum.

Kvantitative mål:

Nå spelestader i heile fylket.

Mål publikumstal: 20 000

Repertoar 2016:

Den nye teatersjefen er i gang med planlegging av repertoar, men det er ikkje muleg å søknadstidspunktet å skriva noko konkret om innhaldet. Val av stykke og aktivitetar blir tilpassa ressursituasjonen til teatret.

Arsrapport for 2014.

402

Kunstnarisk var 2014 eit godt år for Sogn og Fjordane Teater (SoFt), samstundes som besøkstalet òg var godt. 17 054 menneske såg ein av teatret sine framsyningar i 2013. Eit tilskodartal på denne storleiken er svært godt i eit fylke med eit folketal på ca. 108 000.

Teatret har vore involvert i sju produksjonar. Fem var eigenproduksjonar; "Den vesle prinsen" av Antoine de Saint-Exupéry (produsert i 2006 og spelt på nytt i Den kulturelle skulesekken(DKS)),

"Ivar Medaas - Dar kjem Dampen" av Claus Sellevoll og Arvid Ones, "Norge.Nett.No" av Tommy Sørbø, "Kjærligheits ferjereiser" av Edvard Hoem og "Skilte menn rir igjen" av Yngve Sundvor.

Ein av produksjonane vart til gjennom det årlege samarbeidet med Kinnaspelekomiteen;

"Songen ved det store djup - Kinnaspelet" av Rolf Losnegård.

Teatret mottok eitt gjestespel frå Hordaland Teater; "Heksestrekar" etter ein ide av Ljudmil Nikolov

I tillegg samproduserte teatret "Vaffelhjarte" av Maria Parr med Den Nationale Scene (DNS), ei framsyning som blei spelt 60 gongar på hovudscenen til DNS i 2014 for 19 016 tilskodarar. Dette besøkstalet er ikkje rapportert som ein del av SoFts tal for 2014.

Totalt viste teatret 145 framsyningar i 2014. 14 framsyningar vart spelte i eigne lokale i Førde, resten på turne. Teatret har arbeidd vidare med å utvikle og setje opp ny norsk dramatikk, og heile fire

produksjonar var urpremierar. Det var "Ivar Medaas - Dar kjem Dampen", "Norge.Nett.No", "Kjærligheits ferjereiser" og "Skilte menn rir igjen".

Teatret har turnert alle produksjonane og vi har nådd publikum over heile fylket.

Teatret har i 2014 utvikla ein overordna strategi som er gjort kjent for organisasjonen og viktige interessentar som styret, eigarane og Kulturdepartementet. Strategien blir følgt opp av styret og leiargruppa ved SoFt.

Som tidlegare har teatret halde fram med å formidle utlån av teknisk utstyr og kostyme til lag,organisasjonar og skular over heile fylket. Teatret leiger administrasjons-, prøve- og verkstadslokale i Førdehuset og lokale til overnatting for engasjert personale i Gamle Prestegarden, begge deler av Førde kommune. Teatret eig to leilegheiter, to lastebilar og ein varebil. Ved behov for fleire transportmiddel på turné, leiger teatret det. Anna teknisk utstyr i teatrets eige er i god stand.

Egeninntekter og ordinært offentlig driftstilskudd

Egeninntekter (i hele 1000. 1000=1)

	Regnskap 2014		Budsjett 2015		Budsjettsøknad 2016	
Billettinntekter	1369	404	955	405	560	406
Inntekter fra butikk		623		624		625
Inntekter fra kafé		626		627		628
Inntekter fra andre varer		667		668		669
Inntekter fra utleie av lokaler	8	670		671		672
Inntekter fra andre tjenester	117	673	65	674	100	675
Sponsorinntekter		649		650		651
Gaver		652		653		654
Andre egeninntekter		413		414		415
Totale egeninntekter		1494		1020		660

Spesifisering av andre egeninntekter

678

Ordinært offentlig driftstilskudd fra

	Regnskap 2014		Budsjett 2015		Budsjettsøknad 2016	
Kulturdepartementet	17913	416	18327	417	18327	418
Fylkeskommune(r)	5757	422	5891	423	5891	424
Kommune(r)	1919	425	1964	426	1964	427
Annet offentlig enn det som er spesifisert her		479		480		481
Totalt ordinært off. driftstilskudd		25589		26182		26182

Spesifisering av annet offentlig ordinært driftstilskudd

676

Andre offentlige tilskudd

Andre offentlige tilskudd fra

	Regnskap 2014	Budsjett 2015	Budsjettsøknad 2016
Kulturdepartementet	482 482	483 483	484 484
Fylkeskommune(r)	488 488	489 489	490 490
Kommune(r)	491 491	492 492	493 493
Den kulturelle skolesekken	679 679	680 680	681 681
Annet offentlig enn det som er spesifisert her	569 569	570 570	571 571
Totalt andre offentlige tilskudd	0	0	0
Totale driftsinntekter	27083	27202	26842

Spesifisering av andre offentlige tilskudd

Teatret har hatt tett samarbeid med Den Kulturelle Skolesekken i 2014. Vi har vist fleire forestillingar for barn gjennom DKS. Dei betaler pr barn pr forestilling og vert difor rapportert som billettinntekter og ikkje som andre offentlige tilskudd.

677

Driftskostnader og finansposter

Driftskostnader (i hele 1000. 1000=1)

	Regnskap 2014		Budsjett 2015		Budsjettsøknad 2016	
Utgifter til butikk		638		639		640
Utgifter til kafé		641		642		643
Utgifter til andre varer og tjenester	1254	644	1295	645	1300	646
Lønnskostnader	17952	575	17607	576	18220	577
Pensjonskostnader	1725	578	2000	579	2000	580
Avskrivninger	576	581	550	582	580	583
Drift av lokaler	135	584	170	585	200	586
Vedlikehold av lokaler/bygg	100	587	70	588	100	589
Husleiekostnader	1369	590	1465	591	1465	592
Andre driftskostnader	3532	593	4083	594	2970	595
- Offentlige refusjoner	383	596		597		598
Totale driftskostnader		26260		27240		26835
Driftsresultat		823		-38		7

Finansposter

	Regnskap 2014		Budsjett 2015		Budsjettsøknad 2016	
Finansinntekter	83	599	70	600	20	601
Finanskostnader	14	602	11	603	10	604
Resultat av finansielle poster		69		59		10

Ekstraordinære poster

	Regnskap 2014	
Ekstraordinære inntekter		647
Ekstraordinære kostnader		648

Arsresultat	892	21	17
--------------------	------------	-----------	-----------

Balanse

Eiendeler (i hele 1000. 1000=1)

Anleggsmidler

	31/12-2012	31/12-2013	31/12-2014	
Immaterielle eiendeler				605
Varige driftsmidler	2802	2667	2819	606
Finansielle driftsmidler				607
Anleggsmidler totalt	2802	2667	2819	

Omløpsmidler

Varer				608
Fordringer	691	311	1457	609
Finansielle investeringer				610
Bankinnskudd, kontanter o.l.	838	2044	2845	611
Omløpsmidler totalt	1529	2355	4302	
Sum eiendeler	4331	5022	7121	

Egenkapital og gjeld (i hele 1000. 1000=1)

Egenkapital

Innskutt egenkapital	100	100	100	612
Opptjent egenkapital	1318	1652	2544	613
Egenkapital totalt	1418	1752	2644	

Gjeld

Avsetninger til forpliktelser (inkl. off. avg. og feriepenger)	2496	2695	2701	614
Investeringsstilskudd, prosjekt - KUD og Norsk kulturråd				615
Investeringsstilskudd, prosjekt - andre				616
Langsiktig gjeld				617
Kortsiktig gjeld	417	575	1776	618
Gjeld totalt	2913	3270	4477	
Sum egenkapital og gjeld	4331	5022	7121	

Er regnskapet revidert?

Nei 619

Eventuelle kommentarer til regnskap og balanse. Negativt årsresultat skal kommenteres.

Rekneskapen for 2014 er ikkje revidert, før revisjonen viser rekneskapen eit overskot på kr 892 058,-.

Overskotet skriv seg i hovudsak frå

- høgare billettinntekter
- Materialkostnadane lågare enn budsjett
- Driftskostnadane lågare enn budsjett
- Pensjonskostnadane høgare enn budsjett

Overskotet vert ført mot eigenkapital og SoFt vil då ha ein eigenkapital per 31.12.2014 på i overkant av 2,6 mill. Teatret har tilfredsstillande likviditet.

Vi gjer merksam på at vi i 2014 har gjennomført eit samarbeidsprosjekt med DNS om stykket «Vaffelhjarte» av Maria Parr. Kostnadane med dette prosjektet er ført i balansen i 2014 og vert kostnadsført i 2015. Vi føreset at revisjonen ikkje fører til endringar med kostnadsføring av dette prosjektet. Revisor er konsultert, men før revisjonen er formelt gjennomført tek vi atterhald om endringar. SoFt sin del av produksjonskostnadane ved «Vaffelhjarte» er kr 820 000,-.

620

Søknad om økte midler til prioriterte tiltak i 2016

Oppsummering av budsjettsøknad sett i lys av langsiktige planer og strategier.

--

401

Oppsummering og kontroll

Det bekreftes at tallene er korrekte.

☐ Ja 655

Har institusjonen sendt separat byggesøknad til departementet i løpet av siste år?

☐ Nei 656

Dersom institusjonen har sendt byggesøknad i løpet av siste år, gi en kort orientering om søknaden.

657

Eventuelle andre kommentarer til søknaden.

Skjema for pensjonsskyldnader vert ettersendt på e-post så snart revisor har gjennomgått og stadfesta dette.

622



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE
v/Kulturdirektøren
Postboks 173
6801 FØRDE

Førde 26.mars 2015
J.nr. 61/2015

FØRDE KOMMUNE
v/Rådmannen
6800 FØRDE

**INNKALLING TIL ORDINÆR GENERALFORSAMLING FOR SOGN OG
FJORDANE TEATER L/L**


Vi kallar inn til ordinær generalforsamling i selskapet **torsdag 7. mai 2015 kl 1100.**
Møtestad: Teatret sine lokale i Førdehuset.

SAKLISTE

- SAK 1:** Godkjenning av innkalling og sakliste
- SAK 2A:** Val av møteleiar
- SAK 2B:** Val av ein til å føre protokollen
- SAK 3A:** Fastsetjing av resultatrekneskap og balanse
- SAK 3B:** Godkjenning av styret si årsmelding
- SAK 3C:** Disponering av årsresultat
- SAK 4:** Endring av vedtektene, sjå vedlagt notat
- SAK 5:** Val av styremedlemmer og varamedlemmer til styret
- SAK 6:** Val av revisor
- SAK 7:** Fastsetjing av godtgjersle til revisor og styremedlemmer

Med venleg helsing
SOGN OG FJORDANE TEATER L/L

Håkon Fimland (sign.)
styreleiar


Terje Lyngstad
teatersjef

Vedlegg: Årsmelding 2014
Notat om vedtektsendring

Kopi: Det kongelege kultur- og kyrkjedepartement, Postboks 8030 Dep, 0030 OSLO
SEKOM – sekretariat, Hafstadvegen 21, Pb. 338, 6802 Førde

NOTAT – FORSLAG TIL VEDTEKTSENDRINGAR FOR SOGN OG FJORDANE TEATER

Sogn og Fjordane Teater har i strategiplanen vedtatt våren 2014 valt å styrkje arbeidet med organisasjonen og personalpolitikken. Det inneber at teatret vil endre stillingsnemninga økonomidirektør til direktør. Strategiplanen seier m.a. dette:

5.3. Direktøren har det administrative ansvaret for drifta av SoFt

5.3.1. Direktøren har ansvaret for å nytte tildelte ressursar på ein effektiv måte gjennom langsiktige økonomiplanar, budsjett og gode rutinar for internkontroll

og

6.1.1. Direktøren utarbeider planar for kompetanseutvikling bygd på behova til teatret og den einskilde medarbeidaren.

Teatersjefen skal framleis vere dagleg leiar for SoFt, men endringa fører til at direktøren får større mynde, både i høve til personalet og til arbeidsoppgåver – utover det som vedkjem arbeidet med økonomien i selskapet (t.d. budsjett, rekneskap og løn).

Forslaget til vedtektsendringar som blir handsama på styremøte i Sogn og Fjordane Teater vil difor gjelde § 5, der det ordet "økonomidirektør" blir foreslått endra til "direktør".

Vidare vil det bli foreslått to endringar til:

- § 8, 1. avsnitt: fjerning av "Regionteaterrådet" sidan det er nedlagt.
- § 8, 1. avsnitt: endre datoen 1. mai til 30. juni. Då vil det vere i samsvar med aksjeloven og § 6 i vedtektene der det står at generalforsamling skal haldast innan seks månader etter utgangen av rekneskapsåret.



REKNESKAPSÅRET 2014

Sogn og Fjordane Teater L/L
Org. Nr. 929 181 557

Årsmelding – Årsrekneskap - Revisjonsmelding



Kjærleikens ferjereiser. F.v Ståle Ytterli, Kristina Søetorp, Fredrik Høstaker, Gunnhild Hjertaas, Kyrre Eikås Ottersen, Linda Øvrebø, Lars Sørbø, Katrine L. Mackenzie, Terje Tjøme Mossige.
Foto: Dieter Schneider

ÅRSMELDING 2014

Kunstnarisk var 2014 eit godt år for Sogn og Fjordane Teater (SoFt), samstundes som besøkstalet òg var godt. 17 054 menneske såg ei av teatret sine framsyningar i 2014. Eit tilskodartal på denne storleiken er svært godt i eit fylke med eit folketal på ca. 108 000.

Teatret har vore involvert i sju produksjonar. Fem var eigenproduksjonar; "Den vesle prinsen" av Antoine de Saint-Exupéry (produsert i 2006 og spelt på nytt i Den kulturelle skulesekken(DKS)), "Ivar Medaas - Dar kjem Dampen" av Claus Sellevoll og Arvid Ones, "Norge.Nett.No" av Tommy Sørbrø, "Kjærleikens ferjereiser" av Edvard Hoem og "Skilte menn rir igjen" av Yngve Sundvor.

Ein av produksjonane vart til gjennom det årlege samarbeidet med Kinnaspelekomitéen; Kinnaspelet - "Songen ved det store djup" av Rolf Losnegård. Teatret mottok eitt gjestespel frå Hordaland Teater; "Heksestrekar" etter ein idé av Ljudmil Nikolov.

I tillegg samproduserte teatret "Vaffelhjarte" av Maria Parr med Den Nationale Scene (DNS), ei framsyning som blei spelt 60 gonger på hovudscenen til DNS for 19 016 tilskodarar. Dette besøkstalet er ikkje rapportert som ein del av SoFt sitt publikumstal for 2014.

Totalt viste teatret 145 framsyningar i 2014. 14 framsyningar vart spelte i eigne lokale i Førde, resten på turné.

Teatret har arbeidd vidare med å utvikle og setje opp ny norsk dramatik, og heile fire produksjonar var urpremièrar. Det var "Ivar Medaas - Dar kjem Dampen", "Norge.Nett.No", "Kjærleikens ferjereiser" og "Skilte menn rir igjen". Av desse produksjonane vart særleg "Kjærleikens ferjereiser" og "Ivar Medaas – Dar kjem Dampen" publikumsvinnarar, med eit høvesvis tilskodartal på 3 753 og 3 007.

SoFt har turnert alle produksjonane, og vi har nådd publikum over heile fylket. Teatret har i 2014 utvikla ein overordna strategi som er gjort kjend for organisasjonen og viktige interessentar som styret, eigarane og Kulturdepartementet. Strategien blir følgt opp av styret og leiargruppa ved SoFt.

Eigedelar og miljø

Teatret leiger administrasjons-, prøve- og verkstadslokale i Førdehuset og lokale til overnatting for engasjert personale i Gamle Prestegarden, begge deler av Førde kommune. Teatret eig to leilegheiter, to lastebilar og ein varebil. Ved behov for fleire transportmiddel på turné, leiger teatret det. Anna teknisk utstyr i teatrets eige er i god stand. Det er ikkje meldt om skade på teatrets utstyr i 2014.

Som tidlegare har teatret halde fram med å formidle utleige av teknisk utstyr og kostyme til lag, organisasjonar og skular over heile fylket. Teatret har i all si verksemd som mål å ikkje ureine det ytre miljøet.

Personale

Teatret hadde 18 fast tilsette samt 2 stillingar på åremål (dramaturg, skodespelar) pr. 31.12.14. Gjennom året var det engasjert frilans personale og vikarar, som til saman utgjorde 10 årsverk. Samla årsverk engasjert ved teatret i 2014 var 25,8.

2014 var Terje Lyngstad sitt 11. år som teatersjef.

Styret og dagleg leiar vurderer arbeidsmiljøet som godt. Teatret er ei IA-bedrift (Inkluderande Arbeidsliv) og er tilslutta AKAN (Arbeidslivets komité mot alkoholisme og narkomani).

Totalt sjukefråvær i 2014 var 398 dagar, dette svarar til ca 5,9 % av total arbeidstid i året. Det har ikkje vore meldt om alvorlege skader eller ulykker på personale i 2014.

SoFt har eit medvite forhold til arbeid med likestilling. Av fast og engasjert personale er forholdet 10,6 årsverk kvinner og 15,2 årsverk menn. Teatersjef og styreleiar er begge menn. Styret består av tre menn og to kvinner. Av varamedlemmene til styret er tre kvinner og to menn. Av kunstnarisk personale brukte teatret 4,14 kvinnelege og 5,76 mannlege årsverk i 2014.

Økonomi

Årsresultatet for 2014 viser eit overskot på kr 892 058,-. Det var budsjettert med eit overskot på kr 157 496,- såleis er resultatet kr 734 562,- betre enn budsjettert.

Dette er i hovudsak på grunn av:

- billettinntekter høgare enn budsjettert
- personalkostnader høgare enn budsjettert
- materialkostnader lågare enn budsjettert
- driftskostnader lågare enn budsjettert

Resultatet i 2014 styrkjer teateret sin eigenkapital, slik at SoFt per 31.12.14 har ein eigenkapital på om lag kr 2,6 millionar. Teatret har ein eigenkapital som tåler naturlege svingingar i økonomien og uforutsette kostnader.

Samla driftsinntekter i 2014 var kr 27 082 958,- av dette er 5,5 % eigeninntekter. Teatret sine eigeninntekter 2013 var på 4,9 % og i 2012 5,3 %. Teatret har tilfredsstillande likviditet.

Vidare drift

Føresetnad om vidare drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.



Repertoaret 2014

Ivar Medaas – Dar kjem dampen

- ein kabaret om den folkekjære visesongaren Ivar Medaas
av Ragnar Hovland og Claus Sellevoll

Regi: Arvid Ones

Medverkande:
Annlaug Børsheim
Claus Sellevoll
Olav Stedje
Aage Vaksdal

Framsyningar: 19



Norge.Nett.No

- eit ellevilt talkshow av Tommy Sørbø

Regi: Bodil Kvamme

Scenografi: Åse Hegrenes

Kostymedesign: Else Elisabeth Lund

Maske: Julie Clark

Lysdesign: Arne Kambestad

Medverkande:

Oda Alisøy

Anne E. Kokkinn

Idun Losnegård

Kyrre Eikås Ottersen

Lars Sørbø

Framsyningar: 14

Heksestrekar

- eit barneteater utvikla av Ljudmil Nikolov

Regi: Trond Birkedal

Kostyme: Britt Koldal

Lyddesign: Mathias J. Grønsdal

Medverkande:

Jan Holden og Ljudmil Nikolov

Song, stemme og piano:

Ragnhild Gudbrandsen

Framsyningar: 21



Kinnaspelet

Songen ved det store djup

av Rolf Losnegård

Komponist: Per Janke Jørgensen

Regi: Kristin Ryg Helgebostad og Miriam Prestøy Lie

Skodespelarar:

Oda Alisøy

Idun Losnegård

Kyrre Eikås Ottersen

Lars Berge

Lars Sørbø

Musikarar:

Oddmar Amundsen

Adele Halten

Frank Jakobsen

Rolf Prestø

Aage Vaksdal

Framsyningar: 4

Kjærleikens ferjereiser

- ein av dei meste sentrale nynorskromanane som musikal
av Edvard Hoem

Komponist:

Henning Sommero

Regi:

Yngve Sundvor

Scenorgafi:

Bodil Bay Schultz

Koreografi:

Ingeleiv Berstad

Lysdesign:

Reidar Andreas Richardsen

Medverkande:

Fredrik Høstaker

Ståle Ytterli

Katrine Lunde Mackenzie

Terje Tjøme Mossige

Kyrre Eikås Ottersen

Kristina Søetorp

Linda Øvrebø

Gunnhild Hjertaas

Lars Sørbo

Framsyningar: 25



Skilte menn rir igjen

- ein krimkomedie
av Yngve Sundvor

Medverkande:

Roger Hilleren

Fredrik Steen

Framsyningar: 16

Publikumstal 2014

Framsyningar	Totalt inkl. eigen sal			Totalt av dette på turné		
	Tal	Pub.	Gje.snitt	Tal	Publ.	Gj.snitt
Ivar Medaas – Dar kjem dampen	19	3007	158	19	3007	158
Norge.Nett.No	14	693	52	8	381	48
Heksestrekar	21	1243	41	18	1119	62
Kinnaspelet	4	2400	600	4	2400	600
Kjærleikens ferjereiser	25	3753	87	20	3316	166
Skilte menn rir igjen	16	736		16	736	46
Den vesle prinsen	23	5222		23	5222	
Anna aktivitet	1	45				
Totalt	123	17099		108	16181	

Egen Resultatrekneskap

Onsdag 25. Mar 2015 13:26

Side: 1

Firma: Sogn og Fjordane Teater

verkeleg vs. budsjett Periode: 12 2014

	Verkeleg	Budsjett	Differanse
INNTEKTER			
Billetter og programsal	-1 368 869,00	-735 000,00	-633 869,00
Program	0,00	0,00	0,00
Andre inntekter	-124 837,00	-50 000,00	-74 837,00
Ordinære driftstilskot	-25 589 252,00	-25 589 250,00	-2,00
Tilskot amatørteater	0,00	0,00	0,00
Andre tilskot	0,00	0,00	0,00
Sum inntekter	-27 082 958,00	-26 374 250,00	-708 708,00
KOSTNADAR			
Personalkostnadar			
Arbeidskraft	18 699 494,69	18 445 254,00	254 240,69
Diett	694 450,00	746 000,00	-51 550,00
Sum personalkostnadar	19 393 944,69	19 191 254,00	202 690,69
Materialkostnadar			
Dekorasjon,kostyme,rekvisitter	396 710,18	441 500,00	-44 789,82
Kontorinventar/utsyr	18 203,50	20 000,00	-1 796,50
Lys, lyd & sceneutstyr	178 412,79	149 000,00	29 412,79
Verkstadutsyr	48 137,27	64 000,00	-15 862,73
Sum materialkostnadar	641 463,74	674 500,00	-33 036,26
Driftskostnadar			
Revisjon og leigd arbeidshjelp	178 769,90	190 000,00	-11 230,10
Annonse/reklame	789 929,48	837 000,00	-47 070,52
Husleige	1 368 912,00	1 370 000,00	-1 088,00
Kostnadar til lokale	134 622,88	170 000,00	-35 377,12
Leige av utstyr	0,00	0,00	0,00
Kontorkostnadar	423 557,78	383 000,00	40 557,78
Turne	1 133 825,82	1 253 000,00	-119 174,18
Bilkostnadar	210 636,22	235 000,00	-24 363,78
Gåver & blomster	50 618,60	71 000,00	-20 381,40
Aviser/tidsskrift/bøker	13 358,66	20 000,00	-6 641,34
Representasjon møte & seminar	12 220,00	15 000,00	-2 780,00
Billetter	113 574,96	70 000,00	43 574,96
Overnatting	316 846,00	280 000,00	36 846,00
Reise	458 479,66	493 000,00	-34 520,34
Vedlikehald/ombygging	0,00	0,00	0,00
Forsikring av inv/utstyr & personal	71 719,00	80 000,00	-8 281,00
Tap på krav	1 590,00	0,00	1 590,00
Avskriving	576 259,00	550 000,00	26 259,00
Andre kostnadar	381 009,03	392 000,00	-10 990,97
Sum driftskostnadar	6 235 928,99	6 409 000,00	-173 071,01

Egen Resultatrekneskap

Onsdag 25. Mar 2015 13:26

Side: 2

Firma: Sogn og Fjordane Teater

verkeleg vs. budsjett Periode: 12 2014

	Verkeleg	Budsjett	Differanse
Sum kostnader	26 271 337,42	26 274 754,00	-3 416,58
Driftsresultat	-811 620,58	-99 496,00	-712 124,58
Finanspostar			
Renteinntekter	-82 739,27	-60 000,00	-22 739,27
Rentekostnader	2 301,46	2 000,00	301,46
Sum finanspostar	-80 437,81	-58 000,00	-22 437,81
Resultat før ekstraordinære postar	-892 058,39	-157 496,00	-734 562,39
Ekstraordinære postar	0,00	0,00	0,00
Resultat før skattekostnad	-892 058,39	-157 496,00	-734 562,39

7.70.3

Egen Balanserapport

Torsdag 26. Mar 2015 10:43

Side: 1

Firma: Sogn og Fjordane Teater

verkeleg vs. budsjett Periode: 12 2014

	Verkeleg	Budsjett	Differanse
EIGEDLAR			
Anleggsmidler			
Varige Driftsmidler			
Tomtar,bygningar, anna fast eigedom	467 500,00	0,00	467 500,00
Driftslausøyre, Inventar, Verktøy	2 351 106,08	0,00	2 351 106,08
Sum varige driftsmidler	2 818 606,08	0,00	2 818 606,08
Finansielle Driftsmidler			
Investeringar i aksjar/andelar	0,00	0,00	0,00
Sum Finansielle Driftsmidler	2 818 606,08	0,00	2 818 606,08
Sum Anleggsmidler	2 818 606,08	0,00	2 818 606,08
Omløpsmidlar			
Kundefordringar	93 958,00	0,00	93 958,00
Andre Fordringar	980 758,53	0,00	980 758,53
Delkrederavsetning	0,00	0,00	0,00
Bankinnskott, kontantar o.l	2 845 275,23	0,00	2 845 275,23
Sum omløpsmidlar	3 919 991,76	0,00	3 919 991,76
Sum eigedelar	6 738 597,84	0,00	6 738 597,84
EIGENKAPITAL & GJELD			
Eigenkapital			
Innskoten Eigenkapital			
Aksjekapital	-100 000,00	0,00	-100 000,00
Sum Innskoten Aksjekapital	-100 000,00	0,00	-100 000,00
Opptent Eigenkapital			
Annan Eigenkapital	-1 652 198,69	0,00	-1 652 198,69
Udekka tap	0,05	0,00	0,05
Resultat til no i år	-892 058,39	-157 496,00	-734 562,39
Sum Opptent Eigenkapital	-892 058,34	-157 496,00	-734 562,34
Sum eigenkapital	-2 644 257,03	-157 496,00	-2 486 761,03
GJELD			
Gjeld til kredittinstitusjonar			
Leverandørgjeld	-1 027 507,67	0,00	-1 027 507,67
Skuldige offentlege avgifter	-2 701 035,27	0,00	-2 701 035,27
Anna gjeld	-365 797,87	0,00	-365 797,87
Sum Gjeld	-4 094 340,81	0,00	-4 094 340,81
Sum Eigenkapital & Gjeld	-6 738 597,84	-157 496,00	-6 581 101,84

SEKOM-sekretariat

Arbeidsplan 2015 og 2016



Styret si handsaming

Dato: 25.3.2015
Saksnummer: 004/15: Samrøystes vedteken.
Referanse: 15/398

Organisering

SEKOM-sekretariat er ei interkommunal verksemd etter kommunelova § 27. Det er 15 deltakarkommunar og kvar av kommunane har ein styrerepresentant. I møte den 25.2.14, gjorde styret følgjande vedtak: «*Styret slår fast at SEKOM-sekretariat i praksis er etablert som eige rettssubjekt med eigen rekneskap, som vert ført i samsvar med forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar*».

Verksemda har 2 tilsette i heile stillingar:

- Dagleg leiar Arnar Helgheim
- Rådgjevar Audhild Ragni Vie Alme

Bakgrunnsinformasjon

Sekretariatet sitt føremål / oppgåve (vedtektene § 3):

Sekretariatsamarbeidet har som føremål/oppgåve å syte for at kontrollutvala i deltakarkommunane får naudsynt bistand til å få utført kontrollutvalsoppgåver slik det kjem til uttrykk i kommunelova kap. 12 § 77 og forskrift om kontrollutval for kommunar og fylkeskommunar av 15.06.2004.

Eigarkommunane har gjennom samarbeidsavtale, bestemt slik fordeling av driftstilskot til SEKOM-sekretariat:

- | | |
|------------------|-----|
| • Fast del | 25% |
| • Etter tidsbruk | 25% |
| • Etter folketal | 50% |

Dei tilsette fører timelister fordelt på kommunane og felles/administrasjon. Reiseutgifter til og frå kontrollutvalsmøte vert ført på fellesutgifter. Denne registreringa er utgangspunkt for etterjustering av tilskot frå kvar av eigarkommunane.

Vedtektene gir styret rett til mellom anna:

- Vedtak av budsjett
- Fastsetjing og godkjenning av årsrekneskap
- Fordeling av kostnadane på kommunane etter vedteken fordelingsnøkkel

Vedtekter og samarbeidsavtale ligg på nettsidene www.sekom.no

Styrande organ

Styret har 15 medlemar. Ein frå kvar av eigarkommunane. 5 av styremedlemene er valde til å utgjere arbeidsutval. Terje Engvik (Førde) er styreleiar og Siv L Rotevatn (Eid) er nestleiar.

Vi legg opp til to styremøte og eitt møte i arbeidsutvalet pr år:

- Styremøte i samband med rekneskap, årsmelding med meir ca mars månad
- Styremøte i samband med budsjett for neste år ca oktober månad

- Arbeidsutvalsmøte om løns- og arbeidsvilkår og evt andre tilhøve ca juni måned

Ytterlegare møte ved behov etter avtale med styreleiar.

Løpande arbeidsoppgåver

Oppsummering av løpande oppgåver som ligg til SEKOM-sekretariat:

- Førebu saker til handsaming i kontrollutvala. Utreie relevante tilhøve slik at utvalet har eit best mogeleg grunnlag for si handsaming.
- Praktisk gjennomføring av kontrollutvalsmøta
- Post, sak og arkivfunksjon for kontrollutvala.
- Ha kontakt og samarbeid med kommunane sine revisorar.
- Drøfte og samarbeide med revisor om spesielle moment som revisor gjer merksam på ved gjennomgang av årsrekneskapen. Særleg atterhald og presiseringar i revisjonsmeldinga.
- Ha kontakt med administrasjonen i kommunane om aktuelle saker og informasjon til kontrollutvala.
- Fagleg oppdatering og utvikling. Dei tilsette deltek på aktuelle kurs og konferansar innan fagområdet. SEKOM-sekretariat er aktiv deltakar i sekretariatsforum for Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.
- Sjå også tabellen «Kontrollutvala – aktuelle saker» som ligg til slutt i arbeidsplanen.

I utgangspunktet legg vi opp til same møtefrekvens i kontrollutvala som det har vore dei seinaste åra:

Kommunar	Møte pr år
Flora og Førde	8
Bremanger, Eid, Gloppen og Stryn	5
Askvoll, Fjaler, Gaular, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal og Solund	4

Det vert sett opp ekstra møte ved behov, etter avtale med kvart utval / utvalsleiar. Samla møteplan vert oppdatert jamleg og er publisert på SEKOM-sekretariat si nettside.

Prioriterte arbeidsoppgåver

Oppgåver som er særskilt prioriterte i 2015 og 2016.

Oppstart etter kommunevalet

Mål:

- Dei nye kontrollutvala skal vere operative raskast mogeleg.
- Kontrollutvalsmedlemene skal oppleve vervet som nyttig og interessant.

Tiltak:

- Sende ut informasjon om val av kontrollutval ved konstitueringa til alle eigarkommunane ca 1. september.

- Oppstartsmøte for alle utvala innan utgangen av 2015. Fokus på å «bli kjent». Enkel presentasjon av SEKOM-sekretariat og revisjonsselskapet i tillegg til ei første innføring i kontrollutvalet sine oppgåver.
- Alle kontrollutvala deltek på fylkesomfattande opplæring tidleg i 2016.
- Lage opplegg for vidare opplæring og utvikling av kontrollutvala til neste årsplan. Dette kan t.d. vere fellessamling for nokre eller alle kontrollutvala i vårt område.
- SEKOM-sekretariat ønskjer å få høve til å presentere selskapet og kontrollutvalsfunksjonen for kvart kommunestyre. Seinast før sommaren 2016. Vi kontaktar nyvalde ordførarar om dette etter konstitueringa hausten 2015.

Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Mål:

- Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll skal bidra til kvalitetsutvikling i kommunane.
- Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll skal vere handsama av kontrollutvala sinast oktober 2016.
- Minst 1 forvaltningsrevisjon eller selskapskontroll kvart år i valperioden.

Tiltak:

- Samarbeid med dei to revisjonsselskapa allereie frå vinteren 2015 om overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.
- Bidra til at dei prioriterte revisjons- og kontrollprosjekta er relevante og i tråd med vurdering av risiko og vesentlegheit.
- Utnytte både sekretariatet og revisjonsselskapa sine ressursar på ein effektiv måte gjennom samarbeid på tvers av kommunane.
- Greie ut og tilrå tydelege og godt avgrensa tingingar til revisjonsselskapa. Særleg unngå for mange vide og uklare prosjekt med lang leveringstid.
- Følgje opp og drøfte framdrift, problemstillingar, ressursbruk med meir med revisjonsselskapa. Bidra til praktiske avklaringar og forventningsavklaring mellom revisjonsselskap og kontrollutval.

Informasjonsarbeid

Mål:

- Alle dokument som kan vere offentlege skal vere både offentlege og tilgjengelege.
- Kontrollutvalet sine dokument skal vere minst like lett tilgjengelege for omverda som dokument i eigarkommunane.

Tiltak:

- Vidareutvikle bruken av Acos sine løysingar: Infolink (nettsida) og WebSak (sak/arkivsystem).
- Nyheitssak på kommunane sine nettsider med innkalling og sakliste til kontrollutvalsmøta. SEKOM avklarar dette med kvar kommune.
- Kontrollutvalet som eit synleg, fast meny punkt på kommunane sine nettsider. SEKOM avklarar dette med kvar kommune.
- Søkbar postjournal på nettsida med inn- og utgåande dokument tilgjengelege for direkte nedlasting.

- Samarbeide med kommunane i Sunnfjord og Ytre Sogn om å oppgradere Infolink. Inkludert i dette er ein (for SEKOM) ny modul «Innsyn» med søke- og publiseringsfunksjon på linje med kommunane (Sjå økonomi).
- Førespurnadar om innsyn og dokumentasjon som gjeld kontrollutvalet svarast på seinast dagen etter dei er komne inn.

Økonomi

Styret vedtok budsjett den 1. oktober 2014. Rekneskap for 2014 vert lagt fram i same møte som denne årsplanen. I budsjettet er det kr 40.000 som er sett av til reserverte løyvingar i tillegg til ordinære løns- og driftspostar.

Innanfor det vedtekne budsjettet, vert tilleggsmodulen «Innsyn» for vidareutvikling av nettsida prioritert. Etter tilbod frå Acos, har denne eingongskostnad på ca kr 55.000 i 2015. Årleg lisens er på kr 8.000.

Tabell med utdrag frå rekneskap og budsjett dei seinaste åra. Både i 2013 og 2014, var det periode med vakanse i stillingane som påverkar sum lønsutgifter desse åra.

	R2013	B2014	R2014 (ca)	B2015
Lønsutgifter	1 535 000	1 786 000	1 742 000	1 839 000
Andre utgifter	482 000	570 000	445 000	587 000
Brutto utgifter	2 017 000	2 356 000	2 187 000	2 426 000
Inntekter	-50 000	-31 000	-57 000	-31 000
Netto (=overføring frå eigarkommunane)	1 967 000	2 325 000	2 130 000	2 395 000

Kontrollutvala – aktuelle saker

Sak	Heimel	Merknad	KU si rolle	Månad											
				J	F	M	A	M	J	J	A	S	O	N	D
Møteplan	Kml § 77,8 og 9, Forsk k-utval §19		Vedtak												
Revisor si uavhengighet	Kml §79, F.skr. rev. Kap. 6.	Kopi til kommunen som informasjon	Vedtak												
Årsmelding kontrollutval	Kml § 77,6		Tilråding												
Budsjett kontroll og tilsyn	F.skr.k-utval § 18		Tilråding												

Rekneskapsaker

Årsrekneskap	Kml §77,4, F.skr. k-utval kap. 4, F.skr. rev kap. 2		Uttale												
Rekneskap KF, fond, m.m.	Kml §77,4, F.skr. k-utval kap. 4, F.skr. rev kap. 2		Uttale												
Rekneskapsrevisjon - info om revisjonsplan		Kontr.utv.handboka side 128	Info/drøfting												
Rekneskapsrevisjon - gjennomgang		Kontr.utv.handboka side 128	Info/drøfting												
Prosjektrekneskap	Kml §77,4, F.skr. k-utval kap. 4, F.skr. rev kap. 2	Sjå kvar kommune sine økonomireglar	Uttale												

Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll

Overordnad analyse	F.skr. k-utval §10. Min. 1 gong i perioden	Grunnlag for planar: Forv.rev og selsk.kontr.													
Plan forvaltningsrevisjon	F.skr. k-utval §10 Min. 1 gong i perioden		Tilråding												
Val av prosjekt forvaltningsrevisjon	Kml. § 77,4, F. skr. k-utval kap. 5, F.skr. rev.	Delegert i plan for forvaltningsrevisjon	Vedtak												
Rapport forvaltningsrevisjon	Kml. § 77,4, F. skr. k-utval kap. 5, F.skr. rev.		Tilråding												
Plan selskapskontroll	F.skr. k-utval §13 Min. 1 gong i perioden		Tilråding												
Val av prosjekt selskapskontroll	Kml. § 77,5 og § 80, F. skr. k-utval kap. 6	Delegert i plan for selskapskontroll	Vedtak												
Rapport selskapskontroll	Kml. § 77,5 og § 80, F. skr. k-utval kap. 6		Tilråding												
Andre revisionsrapportar			Tilråding												

Skriv og meldingssaker

Skatterekneskapen															
Årsrapport SEKOM															
Årsrapport revisionsselskap															
Oppfølgingsliste		Oppdatert for kvart møte													
Tilsynsrapportar Fylkesmannen		Til informasjon og evt. Oppfølging													

Andre saker som kan vere aktuelle

KU kan ta opp andre saker															
Generalforsaml. / repr. skapsmøte komm.	Kml . §80.														
Oppfølging revisionsmerknader	Forskr. Rev. §4, F.skr. k-utval §8														
Orienteringar frå revisor		Utvalet kan etterspørre													
Orienteringar frå rådmann eller andre i		Utvalet kan etterspørre													
Opplæring / fagleg påfyll kontrollutval		Utvalet kan etterspørre													

SEKOM-sekretariat

Årsmelding 2014



Styret si handsaming

Dato: 25.3.2015

Saksnummer: 003/15

Referanse: 15/33

Organisering

SEKOM-sekretariat er ei interkommunal verksemd etter kommunelova § 27. Det er 15 deltakarkommunar og kvar av kommunane har ein styrerepresentant. I møte den 25.2.14, gjorde styret følgjande vedtak: «Styret slår fast at SEKOM-sekretariat i praksis er etablert som eige rettssubjekt med eigen rekneskap, som vert ført i samsvar med forskrift om årsrekneskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar».

Styre og arbeidsutval

Styret pr 31.12.14

	Faste medlemar		Personlege varamedlemar
1	Reidar Fristad, Askvoll	1	Jorunn Blom Aalen, Askvoll
2	Stig Bakke, Bremanger	2	Jarle Frøyen, Bremanger
3	Siv L Rotevatn, Eid (nestleiar)	3	Torbjørn Nes Hjelle, Eid
4	Magne Norddal, Fjaler	4	Anny Mari Holm Solheim, Fjaler
5	Bjørn Hollevik, Flora	5	Siv Madsen, Flora
6	Terje Engvik, Førde (leiar)	6	Monica Alisøy Kjelsnes, Førde
7	Joar Aarnes, Gaular	7	Anita Eide, Gaular
8	Per Jarle Myklebust, Gloppen	8	Ola Tarjei Kroken, Gloppen
9	Lars Atle Larsen, Gulen	9	Laila Nyhammer, Gulen
10	Jon Åge Torheim, Hornindal	10	Elsa Eilertsen Räftevold, Hornindal
11	Morten Askvik, Hyllestad	11	Øyvind Høye, Hyllestad
12	Johannes Juklestad, Jølster	12	Arve Dvergsdal, Jølster
13	Randi Elvebakk Reiakvam, Naustdal	13	Elin Schei Stuhaug, Naustdal
14	Anne Kari Reigstad, Solund	14	Birger Hjønnvåg, Solund
15	Rune Myklebust, Stryn	15	Aud Jorunn Hool Egge, Stryn

Leiar:	Terje Engvik
Nestleiar:	Siv L Rotevatn

Arbeidsutvalet pr 31.12.14

	Faste medlemar		Personlege varamedlemar (1.vara)		Personlege varamedlemar (2.vara)
1	Terje Engvik, Førde, leiar	1	Bjørn Hollevik, Flora	1	Joar Årnes, Gaular
2	Randi Elvebakk Reiakvam, Naustdal	2	Magne Norddal, Fjaler	2	Reidar Fristad, Askvoll
3	Siv L Rotevatn, Eid, nestleiar	3	Stig Bakke, Bremanger	3	Jon Åge Torheim, Hornindal
4	Per Jarle Myklebust, Gloppen	4	Rune Myklebust, Stryn	4	Johannes Juklestad, Jølster
5	Ann Kari Reigstad, Solund	5	Lars Atle Larsen, Gulen	5	Morten Askvik, Hyllestad

Møte og saker

Styremøte	Tal saker
25. februar 2014	5
1. oktober 2014	3
Sum	8

Arbeidsutvalsmøte	Tal saker
19. juni 2014	2
(Telefonmøte)	

Stillingar og tilsette

Verksemda har 2 tilsette i 100% stilling: Dagleg leiar og rådgjevar. Det var skifte av dagleg leiar i løpet av 2014. Vidar Øvrebø slutta den 25. februar. Rådgjevar Audhild Ragni Vie Alme var konstituert som dagleg leiar i tida 26. februar – 31. mars. Arnar Helgheim tok til som dagleg leiar frå og med 1. april. Kontorstad er i 3. etasje i Førde rådhus.

Arbeidsåret 2014

Ved sidan dei løpande oppgåvene knytt til planlegging, gjennomføring og etterarbeid for dei 15 kontrollutvala, tek vi med litt informasjon om nokre tema i arbeidsåret 2014:

Oppstart og opplæring

Arbeidsåret vart naturleg nok prega av skifte i stillinga som dagleg leiar. Frå 1. april og ut første halvår, prioriterte vi oppstart og opplæring mellom anna ved at både tilsette deltok på kontrollutvalsmøta og i førebuing og etterarbeid til møta.

Sak- og arkivsystem

Arbeidsutvalet gav klarsignal til at vi kunne ta i bruk Acos WebSak som sak/arkivsystem allereie frå sommaren 2014. Dette er det same systemet som kommunane i vårt område brukar. Mesteparten av arbeidstida i den møtefrie perioden om sommaren, gjekk med til innføring og opplæring i systemet. Innføringa vart dekkja innanfor budsjettet.

Hausthalvåret var WebSak i full bruk, noko som mellom anna merkast ved at alle dokumentmalar var endra.

Informasjon

I august 2014, sende vi ut eit informasjonsbrev med informasjon om:

- Fordeling av hovudansvar for utvala mellom tilsette i sekretariatet
- Innføring av Acos WebSak som er eit fullelektronisk sak- og arkivsystem
- Nye malar for alle dokument
- Tankar om innhald i saker som gjeld alle utvala: Rekneskap, forvaltningsrevisjon og oppfølgingsliste

Overordna analyse

Siste del av hausten 2014, starta vi planlegging av arbeidet med overordna analyse for neste valperiode. I første omgang har dette vore ved drøftingar med andre sekretariat og med dei to revisjonsselskapa som vert nytta (KRYSS Revisjon og Kommunerevisjonen i Nordfjord).

Ressursbruk

Dei tilsette fører timelister fordelt på kommunane og felles/administrasjon. Reiseutgifter til og frå kontrollutvalsmøte vert ført på fellesutgifter. Sommaren 2014, arbeidde dei tilsette mest med innføring av sak/arkiv-system. Dette er døme på oppgåver som er ført under administrasjon. Fordeling dei to siste åra:

Kommune / oppgåve	2013		2014	
	Timar	Prosent	Timar	Prosent
Askvoll	102	4,6 %	130	6,6 %
Bremanger	268	12,0 %	173	8,8 %
Eid	160	7,2 %	129	6,6 %
Fjaler	142	6,3 %	130	6,6 %
Flora	417	18,6 %	213	10,9 %
Førde	166	7,4 %	179	9,1 %
Gaular	107	4,8 %	101	5,2 %
Gloppen	129	5,8 %	137	7,0 %
Gulen	78	3,5 %	65	3,3 %
Hornindal	71	3,2 %	84	4,3 %
Hyllestad	126	5,6 %	151	7,7 %
Jølster	131	5,9 %	112	5,7 %
Naustdal	175	7,8 %	120	6,1 %
Solund	66	3,0 %	105	5,4 %
Stryn	99	4,4 %	133	6,8 %
Delsum	2237	100,0 %	1963	100,0 %
Felles/adm	1158		1250	
Total sum	3395		3213	

Rekneskap

	R2013	B2014	R2014
Lønsutgifter	1 535 000	1 786 000	1 742 000
Andre utgifter	482 000	570 000	445 000
Brutto utgifter	2 017 000	2 356 000	2 187 000
Inntekter	-50 000	-31 000	-57 000
Netto (=overføring frå eigarkommunane)	1 967 000	2 325 000	2 130 000

Avslutning av rekneskapen

I samband med økonomirapport, vedtok styret den 1. oktober mellom anna: «Eit eventuelt overskot i rekneskapen for 2014 vert sett av som likviditetsfond». Selskapet sin revisor tok initiativ til ei avklaring av dei formelle tilhøva med fondsavsetjing sett i lys av regleverk og vedtekter. Styreleiar og dagleg leiar hadde avklaringsmøte med revisor Markvard Sunde (Kommunerevisjonen i Nordfjord) den 16.12.14. Konklusjonen frå møtet var at selskapet berre kan setje av til fond når det ligg føre budsjett (med beløp) på slik avsetjing.

Rekneskapsresultat

Ut frå avklaringa ovanfor, rår dagleg leiar til at rekneskapen for 2014 vert avslutta på same måte som dei føregåande åra:

- Netto forbruk er kr 198.565,81 under budsjettet. Dette vert avrekna mot tilskot frå eigarkommunane i 2015.

I den framlagde rekneskapen, er det teke omsyn til dette.

Andre tilhøve

Ytre miljø

SEKOM-sekretariat si verksemd forureinar ikkje det ytre miljø.

Likestilling

Det er ein kvinneleg og ein mannleg medarbeidar. Begge i 100% stilling. Styret er sett saman av tolv menn og tre kvinner. Blant varamedlemene er det seks menn og ni kvinner.

Skader/ulukker

Det har ikkje vore registrert fysiske skader eller ulukker i 2014.

Underskrifter

Førde, 25.3.2015

Jorunn Blom Aalen

Jorunn Blom Aalen,
Askvoll

Stig Bakke

Stig Bakke, Bremanger

Torbjørn Nes Hjelle

Torbjørn Nes Hjelle,
Eid

Magne Norddal

Magne Norddal, Fjaler

(forfall), Flora

Terje Engvik

Terje Engvik, Førde
(leiar)

Joar Aarnes

Joar Aarnes, Gaular

Per Jarle Myklebust

Per Jarle Myklebust,
Gloppen

Lars Atle Larsen

Lars Atle Larsen, Gulen

Jon Åge Torheim

Jon Åge Torheim, Hornindal

(forfall), Hyllestad

Johannes Juklestad

Johannes Juklestad,
Jølster

(forfall), Naustdal

Birger Hønnest

Birger Hønnest,
Solund

Rune Myklebust

Rune Myklebust, Stryn

SEKOM-sekretariat

Saksgang Førde kontrollutval	Møtedato 10.04.2015	Saksnr 016/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-216	Arkivsaknr.: 15/173
---	-------------------------	-------------------------------

Rådmannen informerer om rutinar for eigenkontroll i Førde kommune

Vedlegg:

Dok.dato 05.03.2015	Tittel Melding om vedtak i Førde kontrollutval sak 009/15	Dok.ID 1855
-------------------------------	---	-----------------------

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek rådmannen sin informasjon om rutinar for eigenkontroll i Førde kommune til vitande.

.

Saksutgreiing:

I samband med at rådmannen sitt svarbrev datert 9.2.2015 til KRYSS Revisjon: Rådmannen sitt tilsyn i forhold til risiko for misleghald m.v. vart lagt fram for kontrollutvalet i sak 009/15. Skriv og meldingar, kom det opp at Førde kommune held på og arbeider med rutinar for eigenkontroll.

Det vart gjort følgjande vedtak i saka:

Rådmannen møter på neste møte for å orientere om arbeidet dei held på med i forhold til internkontroll. Skriv og meldingar vert elles teke til orientering.

SEKOM-sekretariat sende melding i e-post til Førde kommune/rådmannen 5.3.2015, om vedtaket og informasjon om at kontrollutvalet har neste møtedato 10. april.

Fra: Audhild Ragni Vie Alme
Sendt: 5. mars 2015 13:05
Til: Førde Postmottak
Kopi: Ole John Østenstad; Lise Mari Haugen
Emne: Vedtak i Førde kontrollutval sak 009/15

Hei ☺

Førde kontrollutval gjorde følgjande vedtak i sak 009/15 Skriv og meldingar 2-2015, i dag:

Rådmannen møter på neste møte for å orientere om arbeidet dei held på med i forhold til internkontroll. Skriv og meldingar vert elles teke til orientering.

Neste møte i Førde kontrollutval er fredag 10. april, og pga påske vert sakspapira sendt ut seinast tysdag 31. mars. Dersom de har skriftleg informasjon i saka, som vi skal sende til kontrollutvalet, ber vi om å få dette tilsendt innan 30. mars.

Med helsing

Audhild Ragni Vie Alme
Rådgjevar

SEKOM-sekretariat

Mobil: +47 97170064

Tlf jobb: 57612785

E-post: arva@sekom.no <<mailto:arva@sekom.no>>

Hafstadvegen 42,Pb 338,6802 Førde

SEKOM-sekretariat

Saksgang Førde kontrollutval	Møtedato 10.04.2015	Saksnr 017/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-216	Arkivsaknr.: 15/200
---	-------------------------	-------------------------------

Uttale til rekneskapen 2014 for Førde kommune

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
27.03.2015	Oversendingsbrev datert 27.3.2015 frå KRYSS Revisjon	2042
27.03.2015	Revisjonsmelding 2014 frå KRYSS Revisjon datert 27.3.2015	2041
26.03.2015	Uttale til rekneskapen 2014 for Førde kommune	2020
30.03.2015	Årsmelding Førde kommune 2014 datert 13.3.2015	2046

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Kontrollutvalet sin uttale til rekneskapen 2014 for Førde kommune vert vedteken.

.

Saksutgreiing:

SEKOM-sekretariat har endra på malen for uttale til rekneskap, og legg m.a. ikkje opp til å velje ut og kommentere nøkkeltal frå rekneskapen, jamfør informasjonsbrev frå SEKOM datert 31.7.2014. Kontrollutvalet står likevel fritt til å forme uttale til bystyret.

SEKOM-sekretariat viser til årsmelding frå Førde kommune med økonomisk oversyn datert 13.3.2015, samt til revisjonsmeldinga frå Kryss revisjon datert 27.3.2015.

Revisjonsmeldinga inneheld ingen atterhald men har ei presiseringa. Sekretariatet har omtalt presiseringa i framlegget til uttale. Som det går fram av revisjonsmeldinga, har ikkje presiseringa innverknad på konklusjonen i meldinga.

Det er formannskapet som gjev innstilling/tilråding til bystyret når revisjonsmelding føreligg og kontrollutvalet har gjeve sin uttale.

Sekretariatet rår til følgjande uttale:

Kontrollutvalet tilrår at rekneskapen 2014 for Førde kommune vert godkjent.

Administrasjonen v/rådmann er innkalla til møtet, og vil gje nærare orientering om rekneskapen for 2014. KRYSS Revisjon er også innkalla, og kan svare på spørsmål om revisjonsarbeidet.

SEKOM-sekretariat

6800 Førde

Dykkar ref.:
Dokumentdato:

Vår ref. :
Revidert rekneskap 210&14

Arkivkode :
025/2015

Journalnr. :
27.03.2015

**ÅRSREKNESKAPEN 2014 FOR FØRDE KOMMUNE -
OVERSENDING AV REVIDERT REKNESKAP TIL KONTROLLUTVALET I FØRDE
KOMMUNE**


Vedlagt oversendast revisjonsmeldinga for Førde kommune for 2014.

Vi går ut ifrå at administrasjonen oversender den opptrykte rekneskapen og årsmeldinga for 2014 i nødvendige eksemplar til sekretariatet.

Vi ber om at de tek rekneskapsaka til handsaming i kontrollutvalet, før vidare politisk handsaming.

Førde, 27. mars 2015

kopi: ordførar
rådmann
leiar rekneskap - skatt


Kari Håheim Sygna
Kommunerevisor 1

Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø

Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller
57 61 26 41, evt. mobiltilf. 99 22 92 27

Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;

- evt. mobiltilf. 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll

Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde

Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41

Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46

Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55

Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22

Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47

Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46

- evt. mobiltilf. 99 23 52 16

Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;

- evt. mobiltilf. 47 65 50 93

Førde kommune
v/ bystyret

kopi:

kontrollutval
formannskap
rådmann

Dykkar ref.:

Vår ref. :

//rev.mld. Førde 2014

Arkivkode :

216

Journalnr. :

024/2015

Dokumentdato:

27.03.2015

REVISJONSMELDING 2014

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Førde kommune per 31.12.2014 som syner eit positivt netto driftsresultat på kr 2.100.508,-. Etter at det er teke omsyn til interne finansieringstransaksjonar, er rekneskapen gjort opp i balanse.

Investeringsrekneskapen er gjort opp med manglande finansiering på kr 11.431.399,- som det ligg til bystyret å oppfinansiere i 2015.

Årsrekneskapen består av balanse per 31. desember 2014, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og ei beskriving av vesentlege nytta rekneskapsprinsipp og andre noteopplysningar.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal bokføringskikk, og for slik intern kontroll som leiinga finn naudsynt for å gjere det mulig å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon, verken som følgje av misleghald eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentlig feilinformasjon, enten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar og ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsipp er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata utarbeida av leiinga er rimelige, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø

Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller

57 61 26 41, evt. mobil: 99 22 92 27

Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;

- evt. mobil: 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll

Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde

Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41

Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil: 91 33 30 46

Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55

Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22

Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47

Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46

- evt. mobil: 99 23 52 16

Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;

- evt. mobil: 47 65 50 93

Konklusjon:

Etter vår meining er årsrekneskapen avlagt i samsvar med lov og forskrift og gjev ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Førde kommune per 31. desember 2014, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal bokføringsskikk i Norge.

Uttale om øvrige forhold

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett. Jfr. likevel presisering nedanfor.

Vi syner til rådmannen si årsmelding der det er gjort greie for budsjettavvik.

Presisering:

Vi syner til Kommunelova §§ 46 og 47 om årsbudsjettet sin bindande verknad. Etter vår oppfatning skulle bruk av disposisjonsfond vore inntektsført i tråd med budsjett. Ein ville unngått strykingsbestemmelsane og sett av til disposisjonsfond i tråd med budsjett. I realiteten ville årsrekneskapen for 2014 syne eit mindreforbruk. Ikkje igangsette tiltak i 2014 må evt. budsjetterast om att.

Vi minner om lovkravet om budsjettregulering når budsjettføresetnadane endrar seg gjennom året.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrift.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i henhold til international standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000

”Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller begrensa revisjon av historisk finansiell informasjon”, meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av Førde kommune sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk.


Andre forhold:

Vi gjer merksam på at det interkommunale selskapet SYS IKT vert ført som eige ansvar 120 i Førde kommune sin rekneskap, og inngår såleis i kommunen sine hovedoversikter.

I årsresultatet for 2014 inngår underdekning på sjølvkostområda avløp og feiing med hhv 785.825 og 288.208 kroner, jfr note 3.1.3.9. Bystyret må ta stilling til dette i samband med godkjenning av årsrekneskapen for 2014.

Førde, 27. mars 2015

 Yngve Sogge og Sunnfjord
 Postboks 487, 6801 Førde
 Terje Førde
 Revisjonssjef
 Dagleg leiar/Revisjonssjef


 Kari Haheim Sygna
 Kommunerevisor I

Førde kontrollutval

(Framlegg frå SEKOM-sekretariat datert 30.3.2015)

Førde bystyre

Dato: 10.04.2015
Vår referanse: 15/629
Arkiv: FE-216

Uttale til rekneskapen 2014 for Førde kommune

Rekneskapen 2014 for Førde kommune er handsama i kontrollutvalet 10.04.2015.

Grunnlaget for kontrollutvalet si handsaming har vore:

- Årsmelding for Førde kommune 2014 med økonomisk oversyn datert 13.3.2015
- Revisjonsmelding datert 27.3.2015

Driftsrekneskapen er avslutta med eit positivt netto driftsresultat på kr 2.100.508. Etter at det er teke omsyn til interne finansieringstransaksjonar er rekneskapen gjort opp i balanse.

Investeringsrekneskapen er gjort opp med manglande finansiering på kr 11.431.399, som det ligg til bystyret å finansiere i 2015.

Kontrollutvalet viser til presiseringa i revisjonsmeldinga om årsbudsjettet sin bindande verknad, jamfør også side 22 i rådmannen si årsmelding.

Kontrollutvalet tilrår at rekneskapen 2014 for Førde kommune vert godkjent.

Førde kontrollutval,

Anne Lise Bekjorden
(leiar)

Terje Engvik
(nestleiar)

Bjarte Urnes

Mariann Njøsén

Rune Fauske



Førde kommune



Årsmelding Førde kommune 2014

Førde kommune – Ei drivkraft med menneska i sentrum

www.forde.kommune.no



Innhald

1	Innleiing	3
2	Økonomisk oversyn	4
2.1	Driftsresultat.....	4
2.2	Driftsinntekter	7
2.3	Driftsutgifter	8
2.4	Budsjettavvik	9
2.4.1	Budsjettavvik totalt	9
2.4.2	Budsjettavvik pr. eining	10
2.5	Resultatvurderingar.....	12
2.5.1	Driftsresultat og nivå	12
2.5.2	Finanspostar	13
2.6	Gjeld	14
2.7	Investeringar.....	15
2.8	Finansplasseringar	17
2.8.1	Bakgrunn.....	17
2.8.2	Avkastning	17
2.8.3	Akkumulert avkastning.....	17
2.8.4	Rammer og risiko.....	18
2.8.5	Framover	18
2.9	Eigenkapital og likviditet	19
2.9.1	Disponibel kapital.....	19
2.9.2	Bufferfondet	19
2.9.3	Likviditet	20
2.10	Overordna Kostra-tal	21
2.11	Hovudoversikter	22
2.11.1	Rekneskapsskjema 1A – Driftsrekneskapen	22
2.11.2	Rekneskapsskjema 2A – Investeringsrekneskapen	23
2.11.3	Balanserekneskapen	24
2.11.4	Økonomisk oversikt drift.....	25
2.11.5	Økonomisk oversikt investering	26
3	Likestilling	27
3.1	Kjønnsfordeling i kommunen	27
3.2	Kjønnsfordelt oversikt over heiltids- og deltidstilsette	28
3.3	Kjønnsfordelt lønsstatistikk	29
3.4	Uttak av permisjon/tapte dagsverk pga permisjon sortert på kjønn (i prosent av moglege dagsverk).....	31
3.5	Alderssamansetning	31
3.6	Kjønnsdelt statistikk i forbindelse med personalpolitiske satsingar	31
3.7	Tiltak for å fremme likestilling og hindre forskjellsbehandling	32
4	Etikk	33
5	Eigenkontroll.....	34

1 Innleiing

Årsmelding for Førde kommune gjer greie for den økonomiske drifta av kommunen i 2014. Hovudbodskapen i meldinga er korleis tildelte midlar er nytta i 2014 og med ei forklaring der det er større avvik, og økonomisk status pr. 31.12.14. Vidare inneheld årsmeldinga statusoversikt når det gjeld likestilling og etikk, samt kva planar kommunen har på desse områda.

Driftsrekneskapen 2014 er avslutta i balanse.

Investeringsrekneskapen 2014 er avslutta med eit udekka beløp på 11,4 mill kr.

Netto driftsresultat er 0,2 % av driftsinntektene i 2014. Dette er eit svakt resultat for 2014.

Driftsrekneskapen for Førde kommune i 2014 er avslutta i balanse samanlikna mot eit rapportert meirforbruk på 12,3 mill kr. Eit positivt premieavvik på pensjon på 7,2 mill kr og stryking av avsetjing til disposisjonsfond på 6 mill kr, forklarar avviket mellom rekneskapsresultat og rapportert meirforbruk.

Førde kommune har hatt meirforbruk i drifta i 2014 hovudsakleg innan helse/ omsorg. Ved årsslutt utgjer meirforbruket 18,5 mill kr. Budsjettrapporteringa har stort sett vore god i 2014, men meirforbruket utfordrar driftssituasjonen til Førde kommune i 2015.

Eigenkapitals- og likviditetssituasjonen er relativt god.

I tillegg til årsmeldinga er det utarbeidd årsrapportar for dei ulike sektorane i kommunen.

Årsrapporten omhandlar ressursinnsats, spesielle hendingar, resultatvurdering og målsettingar for sektoren.

Til sist blir det utarbeidd eit samledokument som inneheld alle einingane sine årsrapportar, der det store aktivitetsnivået i kommunen blir synleggjort.

Rådmannen vil nytte høve til å takke alle tilsette og politikarane for samarbeidet gjennom fjoråret.

Førde, 13. mars 2015

Ole John Østenstad

Rådmann

2 Økonomisk oversyn

2.1 Driftsresultat

År		2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Driftsinntekter	mill kr	-546	-596	-646	-707	-758	-823	-906	-951	-970
Driftsutgifter	mill kr	530	587	632	689	746	811	872	925	970
Brutto driftsresultat	mill kr	-16	-9	-14	-18	-12	-12	-33	-26	0
Korrigert for avskrivningar	mill kr	-27	-27	-30	-37	-39	-43	-46	-51	-56
Brutto driftsresultat ekskl. avskrivningar	mill kr	-43	-36	-44	-55	-51	-55	-79	-77	-56
Netto finanskostnader	mill kr	23	31	62	23	30	51	42	44	54
Netto driftsresultat	mill kr	-20	-5	18	-32	-21	-4	-37	-32	-2
Netto bruk av fondsmidler	mill kr	-3	1	-6	-1	7	4	29	24	2
Rekn.mess. meir-/mindreforbr.	mill kr	-23	-4	12	-33	-14	0	-8	-8	0
<i>Brutto driftsresultat</i>	<i>% av dr innt</i>	<i>2,9</i>	<i>1,5</i>	<i>2,2</i>	<i>2,5</i>	<i>1,6</i>	<i>1,5</i>	<i>3,7</i>	<i>2,7</i>	<i>0,0</i>
<i>Netto driftsresultat</i>	<i>% av dr innt</i>	<i>3,7</i>	<i>0,8</i>	<i>-2,8</i>	<i>4,5</i>	<i>2,8</i>	<i>0,5</i>	<i>4,1</i>	<i>3,4</i>	<i>0,2</i>
<i>Rekn.mess. meir-/mindreforbr.</i>	<i>% av dr innt</i>	<i>4,2</i>	<i>0,7</i>	<i>-1,9</i>	<i>4,7</i>	<i>1,8</i>	<i>0,0</i>	<i>0,9</i>	<i>0,8</i>	<i>0,0</i>

Førde kommune har eit brutto driftsresultat¹ i 2014 på 0 mill kr (56 mill kr ekskl. avskrivning). Dette er lågare enn fjorårets brutto driftsresultat men i 2013 var mva-kompensasjon frå investeringar på kr 24 mill kr inntektsført i driftsrekneskapen. Korrigert for dette var brutto driftsresultat i 2013 2 mill kr.

Netto finanskostnader aukar frå 44 mill kr i 2013 til 54 mill kr i 2014. Auka avdragskostnader på 4,8 mill kr samt lågare gevinst på plasserte midlar frå 2013 til 2014 på 4 mill kr forklarar auken i netto finanskostnad. Sjå og kapittel 2.5.2.


Netto driftsresultat² (resultat før bruk eller avsetting til fond) utgjer 2 mill kr i 2014. Dette er lågare enn fjorårets netto driftsresultat men i 2014 var mva-kompensasjonen frå investeringar på kr 24 mill kr inntektsført i driftsrekneskapen. Korrigert for dette var netto driftsresultat i 2013 8 mill kr.

Driftsrekneskapen for 2014 viser rekneskapsmessig balanse etter at det er føreteke stryking av avsetjing til disposisjonsfond på 6 mill kr. Netto driftsresultat er 0,2 % av driftsinntektene i 2014.

Grafen nedanfor viser utvikling i brutto driftsresultat, netto driftsresultat og rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk for Førde kommune i % av driftsinntekter frå 2005 til og med 2014. Brutto driftsresultat held seg stabilt medan netto driftsresultat og rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk varierer ut frå variasjon i finanskostnad der m.a. avkastning på plasserte midlar inngår.

¹ Brutto driftsresultat viser kommunen sine brutto driftsinntekter etter fråtrekk for brutto driftsutgifter, inkludert avskrivningskostnader. Begrepet kan i stor grad samanliknast med "driftsresultat" i resultatoppstillinga til bedrifter med regnskapsplikt etter regnskapslova.

² Netto driftsresultat er hovudindikatoren for den økonomiske balansen i kommunar. Netto driftsresultat viser årets driftsoverskot etter at renter og avdrag er betalt, og er eit uttrykk for kva kommunar har til disposisjon til avsetningar og investeringar.



Tabellen nedanfor forklarar rekneskapsmessig balanse i 2014:

Forklaring til rekneskapsmessig mindreforbruk:	Beløp (mill kr)	Rapportert
Meirforbruk i fleire einingar totalt	18,5	18,6
Lågare skatteinntekter	5,5	3,8
Avkastning plasserte midlar utover budsjett	-3,9	-3,9
Inntektsført samla premieavvik på pensjon inkl. arbeidsgjevaravgift	-7,9	-0,5
Auka integreringstilskot flyktningar utover budsjett	-2,3	0,0
Meirinntekter ressurskrevjande tenester	-2,0	-1,4
Meirinntekter eigedomsskatt	-1,1	-0,8
Meirinntekter utbytte Ankerløyken eigedom og Firda billag	-0,6	-0,6
Netto rente- og avdragskostnad	0,0	-2,5
Stryking avsetjing til disposisjonsfond	-6,0	0,0
Sum	0,0	12,3

Rekneskapsmessig resultat for Førde kommune i 2014 var på 0 kr samanlikna mot eit rapportert meirforbruk på 12,3 mill kr. Eit positivt premieavvik på pensjon på 7,2 mill kr og stryking avsetjing til disposisjonsfond på 6 mill kr forklarar avviket mellom rekneskapsresultat og rapportert meirforbruk.

Avkastning på plasserte midlar utover budsjett, positivt premieavvik pensjon, auka integreringstilskot flyktningar og meirinntekt eigedomsskatt tilseier eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 15,2 mill kr.

Gjennom 2014 er det rapportert om meirforbruk i fleire einingar. Ved årsslutt utgjorde meirforbruket i drifta 18,5 mill kr. Til fråtrekk for meirforbruket i einingane kjem meirinntekter ressurskrevjande tenester på 2,0 mill kr. I tillegg er skatteinntektene 5,5 mill kr lågare enn budsjettert. Dette medfører eit rekneskapsmessig meirforbruk på 6,0 mill kr.

Det er i 2014 budsjettert med avsetjing til disposisjonsfond på 12,6 mill kr som følgje av gjennomført innsparingsprosess. I tillegg er rekneskapsresultatet for 2013 disponert ved å setje av 6,8 mill kr til disposisjonsfond i 2014. Totalt var det derfor budsjettert med ei avsetning til disposisjonsfond på 19,4 mill kr. På grunn av rekneskapsmessig meirforbruk skal avsetjing til disposisjonsfond strykast før avlegging av årsrekneskapen. Dette er gjort ved at avsetjing til disposisjonsfond er redusert frå 19,4 mill kr til 13,4 mill kr.

Meirforbruket i einingane og lågare skatteinntekter enn budsjettert utfordrar driftssituasjonen til Førde kommune i 2015.

Fleire einingar skil seg ut med større meirforbruk. Det vert vist til side 11 for meir detaljar.

Meirforbruket for desse einingane har i stor grad vore rapportert i tertialrapportar gjennom året og kjent både for administrativ og politisk nivå.

Dei resterande 30 einingane er nær balanse eller har eit mindreforbruk.

Oppsummert har budsjettrapporteringa stort sett vore god i 2014 men driftssituasjonen er utfordrande.

2.2 Driftsinntekter

Driftsinntekter mill kr	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Rekneskap 2014	% av innt	Avvik R14-B14	% endr R13-R14
Brukarbetalingar	-38	-38	-38	4 %	0	1 %
Andre sals- og leigeinntekter	-90	-94	-101	10 %	-7	13 %
Overføringar med krav til motytingar	-173	-83	-158	16 %	-74	-9 %
Rammetilskot frå staten	-290	-307	-305	31 %	2	5 %
Andre statlege overføringar	-27	-22	-29	3 %	-7	7 %
Andre overføringar	-4	-3	-4	0 %	-1	0 %
Skatt på inntekt og formue	-302	-310	-305	31 %	4	1 %
Eigedomsskatt	-28	-29	-30	3 %	-1	5 %
Andre direkte og indirekte skattar	0	0	-1	0 %	-1	
Sum driftsinntekter	-951	-886	-970	100 %	-85	2 %

Totale driftsinntekter utgjer 970 mill kr i 2014. Dette er ein auke på 2 % samanlikna med 2013.

Skatt på inntekt og formue og rammetilskot utgjer til saman 62 % av driftsinntektene til Førde kommune i 2014. Samla budsjettavvik for desse inntektskjeldene er 6 mill kr i 2014 og kjem av reduserte skatteinntekter samanlikna med inntektsføresetnadane i statsbudsjettet for 2014.

Overføring med krav til motytingar utgjer det største budsjettavviket på 74 mill kr. Dette avviket omfattar sjukelønsrefusjon og fødselspengar på 25 mill kr, mva kompensasjon i drift på 9 mill kr og ulike refusjonar frå staten på 7 mill kr. Refusjon frå kommunane for kjøp av IKT-utstyr og lisensar som SYS IKT forvaltar inngår i overføringar med krav til motytingar og utgjer eit budsjettavvik på 17,5 mill kr. Inntektene omtalt i dette avsnittet vert i mindre grad budsjetttert då omfang er usikkert og inntektene tilsvarande har ein utgiftspost.

Mill kr	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Skatt på inntekt og formue	-222	-221	-233	-251	-271	-263	-280	-302	-305
<i>Endring kr frå året før</i>	-27	1	-13	-18	-20	8	-17	-23	-3
<i>Endring % frå året før</i>	14	-1	6	8	8	-3	6	8	1
Eigedomsskatt	-14	-21	-21	-22	-22	-23	-23	-27	-30
<i>Endring kr frå året før</i>	-1	-6	-1	-1	0	-1	0	-4	-3
<i>Endring % frå året før</i>	5	45	3	4	0	2	1	17	12

Tabellen ovanfor viser utvikling i skatt på inntekt og formue og eigedomsskatt i perioden 2006 til og med 2014.

Skatt på inntekt og formue har auka i tråd med statleg politikk. Nedgangen frå 2010 til 2011 skuldast at skatteandelen til kommunane vart justert ned ved kommuneopplegget for 2011. Skatteinngangen på inntekt og formue i Førde var lågare enn det som var lagt til grunn i statsbudsjettet for 2014. Skattenivået i forhold til landsgjennomsnittet gjekk frå 96,1 % i 2013 til 95,8 % i 2014. Inntektsutjamninga i rammetilskotet er tilsvarande auka med 0,6 mill frå 2013 til 2014.

Inntekter frå eigedomsskatt har auka frå 2013 til 2014 med bakgrunn i gjennomført verdijustering av eigedomsskatten. Skattesatsen for bustader og fritidseigedomar er endra frå 2,4 promille i 2013 til 2,5 promille i 2014, medan skattesatsen for andre eigedomar er uendra frå 2013 til 2014 på 6 promille. Det er i årsbudsjett for 2015 vidareført verdijustering av eigedomsskatten.

2.3 Driftsutgifter

Driftsutgifter mill kr	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Rekneskap 2014	% av utg	Avvik R14- B14	% endr R13-R14
Lønsutgifter	488	459	500	52 %	41	3 %
Sosiale utgifter	128	139	135	14 %	-5	5 %
Kjøp som inngår i kommunal prod.	121	101	124	13 %	23	3 %
Kjøp som erstattar kommunal prod.	50	43	56	6 %	13	13 %
Overføringar	98	88	103	11 %	14	5 %
Avskrivningar	51	56	56	6 %	0	11 %
Fordelte utgifter	-9	-4	-3	0 %	1	-69 %
Sum driftsutgifter	925	883	970	100 %	88	5 %

Totale driftsutgifter utgjør 970 mill kr i 2014. Dette er ein auke på 5 % samanlikna med 2013.

Løns- og prisveksten utgjør ein auke i totale driftsutgifter på 1,5 %. Stor interkommunal prosjektaktivitet/ samarbeidsaktivitet der Førde bidreg med ressursar og fører rekneskap forklarar og noko av auken i brutto driftsutgifter og brutto driftsinntekter. Til sist utgjør meirforbruket i einingar auke i totale driftsutgifter på 2 %, jamfør omtale på side 5.

Lønsutgifter og sosiale utgifter er størst utgiftspost og utgjør 66 % av driftsutgiftene i 2014.

Budsjettavviket på 36 mill kr for lønsutgifter og sosiale utgifter har tilsvarande motpost på inntektssida gjennom sjukerefusjon og fødselspengar på 25 mill kr.

Avvik mellom budsjett og rekneskap 2014 for kjøp som inngår i kommunal produksjon og kjøp som erstattar kommunal produksjon skuldast fleire forhold. Kjøp av IKT-utstyr og lisensar som SYS IKT forvaltar utgjør 17 mill kr. Kjøp av tenester frå private til barnevernstiltak forklarar noko av avviket.

Avvik mellom budsjett og rekneskap 2014 for overføringar på 14 mill kr kan forklarast med meirverdiavgift i driftsrekneskapen som ikkje er budsjettetert på 9 mill kr og overføring av statstilskot til private då Førde kommune har motteke og vidareformidla tilskot til SMISO på 2,3 mill kr.

2.4 Budsjettavvik

2.4.1 Budsjettavvik totalt

Driftrekneskap mill kr	Rekneskap 2014	Budsjett 2014	Budsjettavvik
Driftsinntekter	-970	-886	-85
Driftsutgifter	970	883	88
Brutto driftsresultat	0	-3	3
Finansresultat netto	54	60	-6
Korreksjon for avskrivning	-56	-56	0
Netto driftsresultat	-2	1	-3
Netto fondsdisposisjonar	2	-1	3
Rekn.mess mindreforb	0	0	0
<i>Brutto driftsresultat % av dr innt</i>	<i>0,0 %</i>	<i>0,3 %</i>	
<i>Netto driftsresultat % av dr innt</i>	<i>0,2 %</i>	<i>-0,1 %</i>	
<i>Rekn.mess. meir/mindreforb</i>	<i>0,0 %</i>	<i>0,0 %</i>	

Tabellen ovanfor viser budsjettavvik for driftsresultat i 2014. Budsjettavvik for driftsinntekter og driftsutgifter er forklart jf. kapittel 2.2 og 2.3.

Brutto driftsresultat 2014 er i balanse og utgjør eit meirforbruk på 3 mill kr samanlikna mot budsjett. Meirforbruk i einingane på 18,5 mill kr korrigerert for positivt premieavvik pensjon, avkastning på plasserte midlar utover budsjett, auka integreringstilskot flyktningar og meirinntekt eigedomsskatt reduserer meirforbruket til 3 mill kr og forklarar budsjettavvik for brutto driftsresultat i 2014.

Netto finansresultat er 54 mill kr og utgjør eit mindreforbruk på 6 mill kr samanlikna med budsjett. Budsjettavviket for netto finansresultat er forklart jf. kapittel 2.5.2.

Netto driftsresultat 2014 er 2 mill kr og utgjør eit mindreforbruk på 3 mill kr samanlikna med budsjett som følgje av mindreforbruket på netto finanskostnader.

Netto fondsdisposisjonar på 2 mill kr i 2014 utgjør eit budsjettavvik på 3 mill kr. Det er to vesentlege avvik som inngår i netto fondsdisposisjonar i 2014:

- Det er i 2014 løyvd totalt 10,9 mill kr av disposisjonsfondet til forskottering av Førdepakken med 9,3 mill kr, breibandutbygging med 0,9 mill kr og til kommuneplanarbeidet med 0,6 mill kr. Av desse løyvingane er det kunn påløpt kostnader på 3,5 mill kr. Det forklarar avviket på 7,4 mill kr mellom løyvd og rekneskapsført bruk av disposisjonsfondet.
- Avsetjing til disposisjonsfond er budsjettert med totalt 19,4 mill kr der 6,8 mill av desse gjeld disponering av rekneskapsresultatet for 2013. Det er føreteke stryking av avsetjing til disposisjonsfond på 6 mill kr på grunn av rekneskapsmessig meirforbruk.
- Resterande budsjettavvik for netto fondsdisposisjonar kan forklarast med eit netto avvik for bruk/ avsetjing av øyremarka midlar til bundne driftsfond på 1,3 ill kr

Netto driftsresultat i % av driftsinntekter utgjør 0,2 %. Dette er eit svakt netto driftsresultat jf. kap. 2.5.1.

2.4.2 Budsjettavvik pr. eining

Einingane har slike avvik i 2014:

Ansvar	Ansvar (T)	Beløp	Revidert budsjett	Avvik i kr	Avvik i %	Rapportert avvik
100	Rådmann	76 300 890	72 631 334	3 669 555	5,1 %	2 066 000
110	Personal og serviceeininga	12 513 372	13 481 176	-967 805	-7,2 %	-800 000
120	IKT	0	0	0	0,0 %	0
130	Rekneskap-skatt	6 882 101	7 504 257	-622 156	-8,3 %	-500 000
140	Fagutvikling og koordinering	20 879 087	18 714 283	2 164 804	11,6 %	2 690 000
210	Førde barneskule	17 407 608	16 967 166	440 442	2,6 %	0
211	Halbrend skule	28 764 537	28 628 250	136 287	0,5 %	0
212	Karstad skule	5 359 291	5 340 314	18 977	0,4 %	0
213	Sunde skule	12 043 277	12 052 396	-9 120	-0,1 %	0
214	Holsen skule	7 236 113	7 331 946	-95 833	-1,3 %	0
215	Frøysland skule	2 293 194	2 490 520	-197 326	-7,9 %	0
217	Slåtten skule	26 539 070	26 532 070	7 000	0,0 %	0
218	Flatene skule	15 994 100	16 233 395	-239 296	-1,5 %	0
219	Førde ungdomsskule	26 276 576	26 318 884	-42 307	-0,2 %	0
230	Førde Norsksenter	5 852 359	6 044 221	-191 862	-3,2 %	0
250	Kulturskulen	4 939 431	4 883 043	56 388	1,2 %	65 000
260	PPT	6 172 331	6 768 262	-595 931	-8,8 %	0
270	Slåttebakkane barnehage	5 358 642	5 202 727	155 915	3,0 %	0
271	Halbrend barnehage	7 831 364	7 826 775	4 589	0,1 %	0
272	Vie barnehage	11 769 488	11 139 297	630 191	5,7 %	0
273	Sunde barnehage	6 056 585	6 151 954	-95 368	-1,6 %	0
274	Solsida barnehage	10 114 001	10 387 739	-273 738	-2,6 %	0
275	Førde familiebarnehage	6 371 085	6 060 736	310 348	5,1 %	0
276	Vieåsen barnehage	9 187 196	9 880 625	-693 429	-7,0 %	0
277	Tusenfryd barnehage	8 769 557	8 856 875	-87 318	-1,0 %	0
278	Hatlehaugen barnehage	5 382 692	5 660 093	-277 400	-4,9 %	0
279	Ytre Hafstad barnehage	7 456 241	7 673 001	-216 759	-2,8 %	0
310	Helse og barn	25 741 241	22 134 876	3 606 365	16,3 %	3 380 000
314	Kronborg ressurskule	11 857 845	10 837 904	1 019 941	9,4 %	1 200 000
315	Bu- og miljøtenesta	44 589 772	40 582 264	4 007 508	9,9 %	4 000 000
320	Legesenter og rehab	19 473 778	18 425 514	1 048 264	5,7 %	500 000
340	Psykiatritenesta	9 540 260	10 087 431	-547 171	-5,4 %	0
355	NAV	22 988 950	21 925 719	1 063 231	4,8 %	650 000
372	Heimetenester	53 885 664	51 620 853	2 264 811	4,4 %	2 600 000
373	Kjøkkentenesta	7 468 423	7 493 363	-24 940	-0,3 %	0
374	Helsetunet, skjerma eining	12 489 153	12 265 484	223 670	1,8 %	250 000
375	Helsetunet, eining 2	27 369 906	26 255 345	1 114 561	4,2 %	1 000 000
376	Helsetunet, eining 3	12 034 202	12 553 483	-519 281	-4,1 %	0
500	Kultur	9 294 547	9 348 679	-54 132	-0,6 %	0
610	Byggesak og arealforvaltning	6 718 853	7 249 434	-530 581	-7,3 %	-500 000
620	Forvaltning, drift og vedlikehald	23 815 585	23 750 582	65 004	0,3 %	0
670	Teknisk drift	16 701 885	14 969 387	1 732 498	11,6 %	0
671	VAR	-18 078 172	-19 080 417	1 002 245	-5,3 %	2 000 000
	SUM EININGANE	639 642 079	621 181 242	18 460 837	3,0 %	18 601 000
900	Finansielle føremål	-639 642 079	-621 181 242	-18 460 838	3,0 %	-6 235 000
		0	0	0		12 366 000

Tabellen på førre side viser at einingane kjem i sum ut med eit meirforbruk på 18,5mill kr.

Kollonna rapportert avvik viser varsla avvik i budsjettrapport pr. 30.11.2014 som i sum for einingane varsla eit meirforbruk på 18,6 mill kr.

Kommentar til einingar med større meirforbruk;

- Rådmannen
 - husleigekostnad Rødekorsbygget 0,8 mill kr og kostnad knytt til ekstraressurs skule og barnehage for barnevernsbarn plassert i andre kommunar på 1,3 mill kr
- Fagutvikling og koordinering
 - festeavgift 1 mill kr og ekstrakostnad klient 1,8 mill kr (auka tilskot ressurskrevjande)
- Helse og barn
 - barnevernstiltak i og utanfor heime på totalt 3,5 mill kr
- Kronborg ressurslage
 - drift av rådhuskantina 0,6 mill kr og ressurs delvis «gått på toppen» 0,4 mill kr
- Bu og miljøtenesta
 - auka behov for avlastningstenester 1,6 mill kr, nye brukarar med behov for praktisk bistand i eigen bustad 1,8 mill kr og omsorgsløn 0,3 mill kr
- Legesenter og rehabilitering
 - Auka kostnad legesenter og legevakt 0,6 mill kr
- NAV
 - Økonomisk sosialhjelp 1 mill kr
- Heimetenesta
 - nye brukarar/ auke i behov for tenester 2,3 mill kr
- Helsetunet (eining 2)
 - bruk av overtid 0,5 mill kr, lærling i eininga 0,2 mill kr og meirforbruk forbruksmateriell på 0,4 mill kr
- Teknisk drift
 - Vegvedlikehald på 1,3 mill kr
- VAR
 - Meirforbruk avløpsreinsing 0,8 mill kr. Dette har medført underskot på sjølvkostområdet avløp, då gebyrinntektene ikkje har teke høgde for denne meirkostnaden samt at det ikkje er fondsmidlar som kan nyttast.
 - Meirforbruk feiing 0,3 mill kr. Tilsvarende som for avløp er det underskot på sjølvkostområdet feiing, då gebyrinntektene ikkje finansierer totalt påløpte kostnader i 2014.

Kommentar til einingar med større mindreforbruk;

- Stabseiningane; administrasjon, rekneskap og skatt, SYS IKT har samla eit mindreforbruk på 1,6 mill kr på grunn av
 - Vakante stillingar/sjukefråvær som ikkje har blitt erstatta
 - Innsparing på kontormateriell/kopieringsmateriell, post/bankenester/ telefon

Totalt utgjer meirforbruket 3 % av total budsjettramme.


Oppsummert har budsjettstyring og budsjettrapportering i 2014 stort sett vore god.

2.5 Resultatvurderingar

2.5.1 Driftsresultat og nivå

Netto driftsresultat fortel om driftsinntektene er store nok til å dekke løpande drift samt rente og avdrag på lån. For å sikre ei sunn økonomisk utvikling over tid er det anbefalt at netto driftsresultat utgjør 3 % av brutto driftsinntektene. Frå og med 2014 skal momskompensasjon knytt til investeringar først i investeringsrekneskapen, ikkje i driftsrekneskapen som tidlegare. Dette medfører at det anbefalte nivået på netto driftsresultat må reduserast. Teknisk berekningsutval anbefaler eit netto driftsresultat frå og med 2014 på 1, 75 % for kommunane.

Kommunen vil då ha ein buffer for å møte uventa utgifter eller svikt i inntekter, kunne eigenfinansiert investeringar og generelt ha handlefridom og evne til å fornye og utvikle eigedomar og andre ressursar som vert brukt i tenesteproduksjonen.



I 2014 oppnådde Førde kommune eit netto driftsresultat som utgjør 0,2 % av brutto driftsinntekter. Dette er eit svakt resultat for 2014. Dette kan forklarast ved at vi ikkje har oppnådd fulleffekt av innsparingstiltak, vi brukar av disposisjonsfondet til å forskottere kostnader til Førdepakken og til å finansiere eingongskostnad til breibandsutbygging og kommuneplanarbeid samt at meirforbruk i drifta medfører at 6 mill kr av budsjettert avsetjing til disposisjonsfond må strykast.

I 2013 oppnådde Førde kommune eit netto driftsresultat på 3,4 %. Dersom vi korrigerer netto driftsresultat for inntekter frå mva-kompensasjon for investeringar som vart tilbakeført til investeringsrekneskapen var netto driftsresultat 0,9 % i 2013. Vi har derfor hatt ei reell negativ utvikling av netto driftsresultat frå 2013 til 2014.

2.5.2 Finanspostar

	Rekneskap 2013	Budsjett 2014	Rekneskap 2014
Renter frå fakturering	-97 570	-100 000	-90 668
Gevinst på finansielle omløpsmidlar	-16 264 975	-8 473 000	-12 413 559
Renteinntekter	-7 212 371	-6 400 000	-6 817 425
Utbytte og eigaruttak	-3 919 246	-2 925 000	-3 524 478
Mottekne avdrag på utlån	-159 858	-100 000	-157 273
Sum ekstern finansinntekter	-27 654 019	-17 998 000	-23 003 403
Forseinkingsrenter	45 932	0	21 127
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	33 924 746	39 189 436	33 673 859
Tap finansielle instrument	0	0	0
Avdragsutgifter	37 659 852	38 500 000	43 295 707
Sosiallån	248 542	100 000	117 056
Sum eksterne finansutgifter	71 879 072	77 789 436	77 107 749
Netto eksterne finanskostnader	44 225 053	59 791 436	54 104 346
Korrigerer utbytte og eigaruttak	3 919 246	2 925 000	3 524 478
Korrigerer rentekompensasjon	-3 445 978	-4 706 000	-3 473 921
Korrigerer gevinst/tap finansielle instrument	16 264 975	8 473 000	12 413 559
Netto rente- og avdragskostnad	60 963 296	66 483 436	66 568 462

Tabellen ovanfor viser samanstilling av finanspostar i budsjett/rekneskap 2014 og rekneskap 2013.

Netto eksterne finanskostnader utgjer 54,1 mill kr i 2014 samanlikna mot eit budsjett på 59,8 mill kr. Dette gjev eit mindreforbruk på 5,7 mill kr for netto eksterne finansutgifter. Mindreforbruket skuldast i hovudsak gevinst på finansielle instrument utover budsjetttert avkastning. Til samanlikning utgjorde netto eksterne finanskostnader 44,2 mill kr i rekneskapen for 2013.

Lågare rentenivå utgjer eit positivt avvik på 5,5 mill kr men dette vert redusert grunna 4,8 mill kr høgare avdragsutgifter enn budsjetttert. Utrekningane av minste avdragskostnad forut for budsjettarbeidet var dessverre bygd på eit mangelfullt grunnlag. I sum utgjer netto rente og avdragskostnad 0,7 mill kr lågare enn budsjetttert.

Inkludert i det positive avviket på netto eksterne finanskostnader, er utbytte og gevinst på plasserte midlar. I tillegg bør netto eksterne finanskostnader sjåast opp mot rentekompensasjon Førde kommune mottar for investeringar innan sjukeheim, omsorgsbustader og skulelokale. Korrigert for desse faktorane er netto rente- og avdragskostnad 66,6 mill kr i 2014. Dette er i samsvar med budsjettet for 2014.

Auken i minste avdragskostnad på 4,8 mill kr er ikkje budsjetttert i 2015 og må derfor sjåast opp mot mogleg budsjettbuffer på pensjon jf. positivt premieavvik på 7,9 mill kr utover budsjett.

2.6 Gjeld

Førde kommune har i handlingsplanen som mål at nye lån ikkje skal overstige det vi betaler ned i årlege avdrag. Dette for at gjelda ikkje skal auke. I 2013 vart det teke opp lån utover handlingsregelen på 25,7 mill kr. Investeringsbudsjettet for 2014 var derfor nedjustert til eit minimum som utgjorde låneopptak på 31,4 mill kr i 2014.


Langsiktig gjeld i Førde kommune har auka med 2,5 mill (0,2 %) kr frå 1322 mill kr i 2013 til 1325 mill kr i 2014. Lånegjelda utgjer 137 % av samla driftsinntekt i 2014 mot 139 % i 2013. Inkludert i langsiktig gjeld er lån til vidare utlån (startlån) som har auka med 9,5 mill kr frå 2013 til 2014. Ordinære lån er redusert med 7 mill kr. I tillegg kjem rekneskapsført ekstra avdrag på 4,8 mill kr basert på berekna minste avdrag for 2014. Det ekstra avdraget er ikkje pr. 31.12.2014 betalt som ekstraordinært avdrag.

Ein del av den langsiktige gjelda vedrører VAR (15 %), investeringar der vi mottar rentekompensasjon (5 %), lån til vidare utlån (7 %) eller sjølvfinansierte prosjekt. Gjelda er i hovudsak vanlege gjeldsbrevlån i Kommunalbanken, Klip-kommunekreditt, og lån på særskilde vilkår i Husbanken. Attståande løpetid for låna er 31 år.

	31.12.2013	31.12.2014	%
Lån med pt rente/nibor	691	942,3	71 %
Lån med fast rente	541	283	21 %
Husbanklån	91	100	8 %
Sum langsiktig gjeld	1323	1325	100 %

Snittrenta i 2014 var 2,4 % for flytande rente og 3,0 % inkludert fastrente.

Grafen nedanfor viser utvikling i gjeldsnivå i perioden 2000 til 2014 for Førde kommune;



Langsiktig lånegjeld har vore aukande fram til 2013, men vi ser av grafen at handlingsmål om stabilisering av lånegjelda er nådd for 2014. Vi har ikkje rekneskapsmessig skilt mellom lån til sjølvfinansierande prosjekt som VAR, lån til ordinære investeringar og lån til vidare utlån.

2.7 Investeringar

HOVEDOVERSIKT INVESTERINGSREKNESKAP mill kr					
	Reknes 2013	Buds 2014	Reknes 2014	R14 - B14	R14/ R13
Sum inntekter	-34	-35	-40	-5	1,15
Sum utgifter	178	95	108	13	0,61
Sum finanstransaksjonar	78	26	54	28	0,69
FINANS.BEHOV	222	86	122	37	0,55
Sum finansiering	-207	-85	-111	-26	0,54
UDEKKA/UDISP.	15	1	11	11	0,74

Tabellen ovanfor viser at det har vore lågare aktivitet innan investeringsprosjekt i 2014 enn i 2013.

Investeringsrekneskapen for 2014 vert gjort opp med ein sum på 11,4 mill kr som ikkje er dekket. Det vert lagt fram eiga sak til Bystyret om finansiering av prosjekta om naudsynt. Tabellen nedanfor syner prosjekt med udekket beløp over kr 100.000,-. Forskottet av spelemidlar til Hafstadparken utgjer 6 mill kr av det udekket beløpet.

Prosj	Prosj (T)	Beløp
1002	Eigenkapitalfond KLP	-1 472 171
1078	Hafstadparken kunstgrasbaner	-824 321
1079	Meierikvartalet-veg/gangveg/fortau 2009	-699 268
1091	Solsida/Haugum barnehage 2011	-764 536
1093	Førde ungdomskule 2011	-369 087
1256	Førdehuset - rehabilitering av ventilasjon	-470 196
1274	Flovegen avlaupsleidning	-396 310
1288	Hafstadparken - intern infrastruktur inkl parkering	-1 151 337
1290	Hafstadparken - klubbhus	-3 400 000
1329	Slåtten skule tilbygg hus 1	-503 726
1331	Balløkke Førde Barneskule	-112 166
1334	Ballbinge Karstad	-267 467
1356	Hafstadparken, sandvolleybane	-225 670
1359	Hafstadparken, isflate/rulleskøyter	-330 781
	Totalt meirforbruk investering 2014	-11 431 399

Tabellen nedanfor viser prosjekt med rekneskapsført kostnad over 2 mill kr i 2014.

Prosj	Prosj (T)	Beløp
1142	Formidlings-/startlån	36 914 338
1220	Førde Rådhus byggeprosjekt	21 091 620
1091	Solsida/Haugum barnehage 2011	10 074 071
1288	Hafstadparken - intern infrastruktur inkl parke	8 364 880
1256	Førdehuset - rehabilitering av ventilasjon	4 732 877
1359	Hafstadparken, isflate/rulleskøyter	4 522 212
1019	Hafstad bydel - grunnnerv	4 232 850
1293	Hafstad bydel - veg 4 inkl. parkering	4 108 517
1290	Hafstadparken - klubbhus	3 400 000
1365	Hafstadparken, parkanlegg	3 319 590
1291	Hafstad bydel - motteke anleggsbidrag	3 295 222
1292	Hafstad bydel - barnehage	3 179 337
1321	Oppgradering Førdehuset-formgjevingsfag til	3 045 836
1002	Egenkapitalfond KLP	2 755 321
1282	Utviding Slåtten skule	2 691 930
1327	Grunnarbeid Slåtten skule 2014	2 638 480
1328	Slåtten skule ny paviljong 2014	2 601 995
1029	Omsorgsbustader Steinavegen 2012	2 578 831
1329	Slåtten skule tilbygg hus 1	2 494 165
1336	Kjøp av Angedalsvegen 10	2 460 525
1323	Førde rådhus-restkostnad etter prosjektkostn	2 301 887
1354	Hafstadparken, skateanlegg	2 087 133
		132 891 618

I sum utgjør prosjekt over 2 mill kr totalt 133 mill kr av totalt 158 mill kr i 2013.

Det største enkeltprosjektet i 2014 har vore Førde Rådhus byggeprosjekt med 21 mill kr.

2.8 Finansplasseringar

2.8.1 Bakgrunn

I samband med retta emisjon i Sunnfjord Energi A/S fekk Førde kommune utbetalt eit eingongsbeløp på kr 73 955 200,- i år 2000. Heile summen var opphavleg sett av til fond, og 60 mill kr vart plassert i verdipapir. I tillegg plasserte Førde kommune ca 10 mill kr i verdipapirfond i samband med erstatning for tapt utbygging av Gaularvassdraget.

2.8.2 Avkastning

Statusrapport finansinvesteringar		Eining	Forvaltarar			SUM	2013	2012
31.12.2014			DnB	Carnegie	Fondsforvalt.	31.12.2014		
Avkastning	Sum aktivaklassar:							
	Verdiauke totalt	mkr	4,3	6,5	1,7	12,4	16,3	12,0
	Verdiauke totalt	%	7,0	9,3	7,8	7,6	10,7	8,8
	Pr aktivaklasse:							
	Rentepapir	%	6,7	5,7	3,6	5,3	4,3	6,4
	Aksjer	%	6,5	14,2	11,9	10,9	24,9	14,6
Inv.volum/risiko	Sum aktivaklassar:							
	Verdi totalt	mkr	65,4	75,2	23,6	164,2	151,8	135,5
	Pr aktivaklasse:							
	Renter	%	62,8	52,2	47,6	54,2	58,0	58,4
	Aksjer	%	37,2	47,8	52,4	45,8	42,0	41,6
	Renter	mkr	41,0	39,3	11,2	91,6	91,7	80,4
	Aksjer	mkr	24,3	36,0	12,4	72,6	60,1	55,1

Resultatet i 2014 er ei avkastning på plasserte midlar på 12,4 mill kr (7,6 %). Det var budsjettert med ei avkastning på 8,5 mill kr (6,1 %). Finansplasseringa har dermed gitt Førde kommune 3,9 mill kr i meirinntekter i driftsrekneskapen i 2014 utover budsjettert avkastning.

Totalt forvaltningskapital utgjør 164 mill kr pr. 31.12.2014.

92 mill kr (54 %) er plassert i rentepapir til ein avkastning på 5,3 % medan 73 mill kr (46 %) er plassert i aksjar til ein avkastning på 10,9 % i 2014.

Alle forvaltarane våre (DnB, Carnegie og Fondsforvaltning) leverte avkastning høgare enn samanliknbart på rentepapir medan det kunn er Carnegie som leverte avkastning høgare enn samanliknbart på aksjar i 2014.

2.8.3 Akkumulert avkastning

Akkumulert avkastning i perioden 23.11.2000 til 31.12.2014 er 95,2 mill kr eller 7,3 % p.a. i snitt. Det er 2,8 prosentpoeng over tilsvarande marknadsrente, eller 39 mill kr.

2.8.4 Rammer og risiko

Plasseringane ligg innanfor vedtekne rammer med 54 % av investeringsvolumet i rentefond, mot min 30 % - norm 65 % - maks 100 % ; og med 46 % i aksjefond mot min 0 % - norm 35 % - maks 50 %.

2.8.5 Framover

2015 er eit usikkert år med bakgrunn i krise i Eurosona, fallande oljeprisar og rekordlave renter. Så langt i 2015 har aksjemarknaden hatt positiv avkastning. Det er budsjettert med 9,0 mill kr i avkastning på plasserte midlar i 2015. Det er planlagt rullering av finansreglement i 2015.

Sjå elles pkt. 2.9.2 om bufferfond.

2.9 Eigenkapital og likviditet

2.9.1 Disponibel kapital

Fond og overskot	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Disposisjonsfond	25	14	13	48	49	29	59	48	44	50	52
Bunde driftsfond	16	37	42	30	35	43	44	45	42	39	33
Akkumulert overskott	11	17	32	11	11	33	14	0	0	0	0
Akkumulert underskott	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Sum	52	68	87	89	95	105	117	93	86	89	85
Ubundne investeringsfond	58	50	53	66	68	58	59	57	61	62	63
Bundne investeringsfond	33	31	30	5	7	23	17	32	45	26	31
Sum	91	81	83	71	75	81	76	89	105	88	94
Oppspart kapital	143	149	170	160	170	186	193	182	192	177	179
Av dette bundne fond	49	68	72	35	42	66	61	77	87	65	64
Frie fond	94	81	98	125	128	120	132	105	105	112	115

Grunna gjennomgåande positive rekneskapsresultat har vi klart å byggje opp ein god eigenkapital.

2.9.2 Bufferfondet

Bufferfondet inngår i den summen som i tabellen over står som disposisjonsfond. Fondet har som funksjon å kunne møte situasjonar med negativt resultat ut frå svingingar ein veit kjem på finansinvesteringar.

Bufferfond	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Avkastning/indeksregulering	4,9	2,1	2,6	0,0	1,2	0,0	8,2	0,0	0,0	5,1	
Dekn underskot/ strykningar						-11,8		-8,5			
Saldo 31.12	12,8	14,9	17,5	17,5	18,7	6,9	15,1	6,6	6,6	11,7	11,7

Ved handsaming av rekneskapsmessig mindreforbruk i årsrekneskapen for 2013 vart det sett av 6,8 mill kr til disposisjonsfond men desse i løpet av 2014 nytta til finansiering/ forskottering av Førdepakken. Saldo på bufferfond utgjør derfor 11,7 mill kr pr. 31.12.2014.


Målet er at bufferfondet for finansinvesteringane skal utgjere 16 mill kr som er 1 % av plasserte midlar.

2.9.3 Likviditet

Førde kommune har klart seg utan kassakreditt dei siste åra, i og med at vi har såpass gode reservar at vi taklar svingingar i inntekts- og utgiftsstraumar.

Likviditeten vert vurdert til å vera relativt god, men både arbeidskapital og unytta lånemidlar er redusert frå 2013 til 2014. Ein krevjande driftssituasjon samtidig som årleg avkastning på plasserte midlar ikkje er realisert, tærer på likviditeten. Ved rullering av finansreglementet i 2015 bør ein vurdere nivået på plasserte midlar opp mot likviditetssituasjonen i Førde kommune.

Nedanfor følgjer graf for utvikling i arbeidskapital og unytta lånemidlar;



2.10 Overordna Kostra-tal

Kostra-tal representerer den andre vinklinga på økonomisk informasjon om kommunal drift, ved at dei mellom anna refererer til relevante samanlikningskommunar. Dette er like viktig overordna informasjon som kommunens egne samanstillingar av rekneskap mot budsjett og mot eigen historikk.

Kostra-tal vert tilgjengeleg 15.03.2014 frå SSB, og vert tekne med i årsrapporten i staden.

2.11 Hovudoversikter

2.11.1 Rekneskapskjema 1A – Driftsrekneskapen

Kosts1a	Kosts1a(T)	Rekneskap 2013	Revidert budsjett 2014	Rekneskap 2014
LN01	Skatt på inntekt og formue	-302 189 307	-309 717 000	-305 394 101
LN02	Ordinært rammetilskot	-290 029 669	-307 048 000	-305 026 509
LN03	Skatt på eigedom	-28 300 873	-28 628 000	-29 600 728
LN04	Andre direkte eller indirekte skattar	-145 434	0	-1 218 959
LN05	Andre generelle statstilskot	-26 742 924	-21 786 700	-28 509 261
LN06	Sum frie disponible inntekter	-647 408 207	-667 179 700	-669 749 559
LN07	Renteinntekter og utbytte	-27 494 162	-17 898 000	-22 846 131
LN09	Renterutg.,provisjon o.a. finansutg	33 970 677	39 189 436	33 694 986
LN11	Avdrag på lån	37 659 852	38 500 000	43 295 707
LN12	Netto finansinntekter/-utgifter	44 136 367	59 791 436	54 144 562
LN14	Til ubundne avsetningar	8 050 249	19 348 572	13 467 684
LN15	Til bundne avsetningar	6 342 631	2 104 250	8 165 055
LN16	Bruk av tidl.å.rekn.m.mindreforbr.	-5 131 163	-6 787 704	-6 787 704
LN17	Bruk av ubunde avsetningar	-322 340	-10 876 698	-3 503 701
LN18	Bruk av bunde avsetningar	-8 974 825	-4 509 960	-9 240 826
LN19	Netto avsetningar	-35 448	-721 540	2 100 508
LN20	Overført til investeringsbudsjettet	24 346 691	0	0
LN21	Til fordeling drift	-578 960 597	-608 109 804	-613 504 488
LN22	Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	570 889 743	608 109 804	613 504 488
LN23	Rekneskapsmessig meir-/mindreforbr	-8 070 854	0	0

Kommentar til bruk av ubunde avsetningar (LN 17):

Årsbudsjettet er bindande i følge forskrift om årsrekneskap, Kommunelova og forskrift om årsbudsjett. Det er i 2014 budsjettert med bruk av disposisjonsfond på 10,9 mill kr for å finansiere kostnader vedrørende Førdepakken og breibandsutbygging. Det er rekneskapsført kostnader på totalt 3,5 mill kr til tiltak finansiert med disposisjonsfond i 2014. Etter gjeldande regelverk skal bruk av disposisjonsfond først i tråd med budsjettet, dvs inntektsføring av 10,9 mill kr. Det burde vore gjennomført nedjustering av budsjettert bruk av disposisjonsfond i tråd med rekneskapsførte kostnader, men sidan dette ikkje er gjort i 2014 er rekneskapen avslutta med bruk av disposisjonsfond avgrensa til reelle kostnader på 3,5 mill kr.

2.11.2 Rekneskapsskjema 2A – Investeringsrekneskapen

Kosts2a	Kosts2a(T)	Rekneskap 2013	Revidert budsjett 2014	Rekneskap 2014
LN01	Investeringar i anleggsmidlar	179 644 264	95 095 414	110 020 906
LN02	Utlån og forskotteringar	16 259 756	15 000 000	14 885 507
LN03	Avdrag på lån	23 755 054	0	8 516 607
LN04	Avsetningar	37 010 131	10 158 803	28 703 998
LN05	Årets finansieringsbehov	256 669 204	120 254 217	162 127 018
LN07	Bruk av lånemidlar	-143278003,9	-74706726,34	-81750710,58
LN08	Inntekter frå sal av anleggsmidlar	-1 905 688	0	0
LN09	Tilskot til investeringar	-20 015 490	-14638138,34	-13 009 510
LN10	Mottekne avdrag på utlån og refusjon	-20 482 175	-19 964 676	-37 447 229
LN11	Andre inntekter	-443 965	0	-814 472
LN12	Sum ekstern finansiering	-186 125 322	-109309540,6	-133 021 922
LN13	Overført frå driftsbudsjettet	-24 346 691	195 000	0
LN14	Bruk av avsetningar	-30666120,47	-10365556,3	-17673696,96
LN15	Sum finansiering	-241 138 133	-119 480 097	-150 695 619
LN16	Udekket/udisponert	15 531 071	774 120	11 431 399

2.11.3 Balanserekneskapen

Kostbal	Kostbal(T)	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014
LN01	A. Anleggsmidler	2 429 725 259	2 559 293 861
LN02	 Faste eiendomar og anlegg	1 568 977 361	1 621 728 607
LN03	 Utstyr, maskiner og transportmidlar	31 299 668	29 332 572
LN04	 Utlån	98 690 733	101 710 792
LN05	 Aksjar og andelar	61 308 934	63 081 105
LN051	 Pensjonsmidlar	669 448 564	743 440 784
LN06	B. Omløpsmidlar	445 905 504	420 182 924
LN07	 Kortsiktige fordringar	72 052 331	80 037 221
LN071	 Premieavvik	36 889 418	40 832 834
LN10	 Obligasjonar	151 796 463	164 210 023
LN11	 Kasse, postgiro, bankinnskott	185 167 292	135 102 846
LN12	SUM EIGEDLER (A + B)	2 875 630 764	2 979 476 785
LN13	C. Egenkapital	-504 432 879	-530 688 388
LN14	 Disposisjonsfond	-49 833 095	-51 853 246
LN15	 Bundne driftsfond	-39 498 823	-37 618 327
LN16	 Ubundne investeringsfond	-61 982 883	-62 872 531
LN17	 Bundne investeringsfond	-26 491 369	-31 132 658
LN171	 Endring i regnskapsprinsipp som påvir. AK dri	-176 735	-176 735
LN18	 Regnskapsmessig mindreforbruk	-8 070 854	0
LN192	 Udekka i investeringsrekneskap	15 531 071	11 431 399
LN21	 Kapitalkonto	-333 910 192	-358 466 290
LN219	D. Gjeld	-2 371 197 884	-2 448 788 397
LN22	Langsiktig gjeld	-2 220 505 296	-2 293 060 037
LN221	 Pensjonsforpliktingar	-897 659 032	-967 749 951
LN25	 Andre lån	-1 322 846 264	-1 325 310 086
LN26	Kortsiktig gjeld	-150 692 588	-155 728 360
LN28	 Anna kortsiktig gjeld	-130 210 608	-137 968 656
LN281	 Premieavvik	-20 481 980	-17 759 704
LN29	SUM EIGENKAPITAL OG GJELD (C +D)	-2 875 630 764	-2 979 476 785
LN30	E. Memoriakonto	0	0
LN31	 Ubrukte lånemidler	125 396 944	93 236 234
LN33	 Motkonto for memoriakontiane	-125 531 056	-94 462 383

2.11.4 Økonomisk oversikt drift

Kosthd	Kosthd(T)	Rekneskap 2013	Revidert budsjett 2014	Rekneskap 2014
LN03	Brukarbetalingar	-37 687 741	-38 238 060	-38 085 271
LN04	Andre sals- og leigeinntekter	-89 719 450	-94 198 437	-101 363 383
LN05	Overføringer med krav til motyttingar	-172 661 483	-83 488 073	-157 656 270
LN06	Rammetilskot frå staten	-290 029 669	-307 048 000	-305 026 509
LN07	Andre statlege overføringer	-26 742 924	-21 786 700	-28 509 261
LN08	Andre overføringer	-3 471 077	-2 585 239	-3 546 745
LN09	Skatt på inntekt og formue	-302 189 307	-309 717 000	-305 394 101
LN10	Eigedomsskatt	-28 300 873	-28 628 000	-29 600 728
LN11	Andre direkte og indirekte skattar	-145 434	0	-1 218 959
LN12	B. SUM DRIFTSINTEKTER	-950 947 958	-885 689 509	-970 401 228
LN14	Lønsutgifter	487 474 256	458 723 922	499 966 891
LN15	Sosiale utgifter	127 978 087	139 417 337	134 582 357
LN16	Kjøp som inngår i kommunal prod.	120 469 895	101 083 127	123 695 981
LN17	Kjøp som erstattar kommunal prod.	49 549 313	43 098 030	55 997 792
LN18	Overføringer	98 018 814	88 305 698	102 741 235
LN19	Avskrivningar	50 674 152	56 237 783	56 237 783
LN20	Fordelte utgifter	-9 149 556	-4 008 500	-2 787 881
LN21	C. SUM DRIFTSUTGIFTER	925 014 961	882 857 396	970 434 157
LN23	D. BRUTTO DRIFTSRESULTAT (B-C)	-25 932 997	-2 832 113	32 929
LN25	Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	-27 494 162	-17 898 000	-22 846 131
LN26	Mottekne avdrag på lån	-159 858	-100 000	-157 273
LN27	E. SUM EKSTERNE FINANSINTEKTER	-27 654 019	-17 998 000	-23 003 404
LN29	Renteutg., provisjon o.a. finansutg.	33 970 677	39 189 436	33 694 986
LN30	Avdragsutgifter	37 659 852	38 500 000	43 295 707
LN31	Utlån	248 542	100 000	117 056
LN32	F. SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER	71 879 072	77 789 436	77 107 749
LN34	G. RESULTAT EKST. FINANS.TRANS. (E-F)	44 225 052	59 791 436	54 104 345
LN35	Motpost avskrivningar	-50 674 152	-56 237 783	-56 237 783
LN36	I. NETTO DRIFTSRESULTAT	-32 382 096	721 540	-2 100 508
LN38	Bruk av tidl. års rekn.messige mindreforbr.	-5 131 163	-6 787 704	-6 787 704
LN39	Bruk av disposisjonsfond	-322 340	-10 876 698	-3 503 701
LN40	Bruk av bundne fond	-8 974 825	-4 509 960	-9 240 826
LN42	J. SUM BRUK AV AVSETNINGAR	-14 428 328	-22 174 362	-19 532 231
LN44	Overført til investeringsrekneskapen	24 346 691	0	0
LN46	Avsetningar disposisjonsfond	8 050 249	19 348 572	13 467 684
LN47	Avsetningar til bundne fond	6 342 631	2 104 250	8 165 055
LN49	K. SUM AVSETNINGAR	38 739 571	21 452 822	21 632 739
LN51	L. REKN.MESS. MEIR-/MINDREFORBR. (I+J-K)	-8 070 854	0	0

2.11.5 Økonomisk oversikt investering

Kosthinv	Kosthinv(T)	Rekneskap 2013	Revidert budsjett 2014	Rekneskap 2014
LN03	Sal av driftsmidler og fast eigedom	-1 745 688	0	0
LN04	Andre salsinntekter	-70 056	0	-423 275
LN05	Overføringer med krav til motyting	-12 168 606	-19 964 676	-26 092 400
LN06	Statlege overføringer	-1 040 000	-9 360 000	-850 000
LN07	Andre overføringer	-18 975 490	-5 278 138	-12 159 510
LN08	Renteinntekter og utbytte	-373 909	0	-391 197
LN09	L. SUM INNTEKTER	-34 373 748	-34 602 814	-39 916 382
LN11	Lønsutgifter	64 857	0	126 276
LN12	Sosiale utgifter	7 403	0	21 289
LN13	Kjøp som inngår i kommunal prod.	146 821 932	72 492 786	87 212 415
LN14	Kjøp som erstattar kommunal prod.	2 530 097	307 388	736 708
LN15	Overføringer	26 751 912	19 166 805	19 526 645
LN16	Renteutgifter og omkostninger	2 081 914	60 000	740 297
LN17	Fordelte utgifter	0	2 768 436	-114 896
LN18	M. SUM UTGIFTER	178 258 114	94 795 414	108 363 631
LN20	Avdragsutgifter	23 755 054	0	8 516 607
LN21	Utlån	16 259 756	15 000 000	14 885 507
LN22	Kjøp av aksjar og andelar	1 386 150	300 000	1 772 171
LN23	Dekking av tidl. års udekka	28 542 972	10 158 803	15 531 071
LN24	Avsetn. til ubundne inv.fond	1 905 688	0	1 417 293
LN25	Avsetn. til bundne fond	6 561 471	0	11 755 634
LN27	N. SUM FINANS.TRANS.	78 411 090	25 458 803	53 878 283
LN28	O. FINANS.BEHOV (M+N-L)	222 295 455	85 651 403	122 210 636
LN30	Bruk av lån	-143 278 004	-74 706 726	-81 750 711
LN31	Mottekne avdrag på utlån	-8 313 570	0	-11 354 829
LN32	Sal av aksjar og andelar	-160 000	0	0
LN33	Bruk av tidl. års udisponert	-3 065 584	-1 283 150	-1 283 150
LN34	Overføringer frå driftsrekn.	-24 346 691	195 000	0
LN35	Bruk av disposisjonsfond	-2 229 995	-6 800 639	-7 943 832
LN36	Bruk av ubundne inv.fond	-838 908	-300 000	-527 646
LN37	Bruk av bundne fond	-24 531 633	-1 981 767	-7 919 070
LN39	R. SUM FINANSIERING	-206 764 385	-84 877 283	-110 779 237
LN40	S. UDEKKA/UDISP. (O-R)	15 531 071	774 120	11 431 399

Det vert elles vist til notar og merknader i rekneskapsdokumentet.

3 Likestilling

3.1 Kjønnssfordeling i kommunen

Kommunen har slik fordeling mellom kvinnelege og mannlege arbeidstakarar, fordelt på dei ulike einingane pr 31.12.2014. (Oversynet viser tilsette i alle typar stillingar som kommunen har eit løna arbeidsforhold til i samsvar med HTA):

Eining	Namn på eining	Årsverk 2014	Tal kvinner			Tal menn			Sum		
			2014	2013	2009	2014	2013	2009	2014	2013	2009
100	Rådmann	5,35	2	2	1	4	4	4	6	6	5
110	Personal og serviceeininga	18,53	21	21	20	4	4	3	25	25	23
120	IKT	15	2	2	1	13	13	11	15	15	12
130	Rekneskap-skatt	18,7	15	12	15	5	5	6	20	17	21
140	Fagutv. og koordinering	16,9	12	10	5	6	5	7	18	15	12
210	Førde barneskule	28,19	30	29	25	9	7	9	39	36	34
211	Halbrend skule	43,76	31	29	34	19	20	18	50	49	52
212	Karstad skule	8,74	10	11	8	4	2	1	14	13	9
213	Sunde skule	20	18	20	12	4	4	4	22	24	16
214	Holsen skule	13,53	13	14	11	5	1	1	18	15	12
215	Frøysland skule	3,3	3	3	3	2	1	0	5	4	3
217	Slåtten skule	44,84	41	43	37	16	19	16	57	62	53
218	Flatene skule	28,04	33	29	38	5	7	9	36	36	47
219	Førde ungdomsskule	37,85	28	32	24	16	17	19	44	49	43
230	Førde Norsksenter	18,2	15	13	10	6	6	6	21	19	16
250	Kulturskule	14,52	6	8	7	12	11	10	18	19	17
260	PPT	14,2	12	14	11	4	4	4	16	18	15
270	Slåttebakkane barnehage	10,8	12	12	11	1	0	0	13	12	11
271	Halbrend barnehage	16,52	17	16	24	2	2	4	19	18	28
272	Vie barnehage	26,3	25	26	28	3	4	1	29	30	29
273	Sunde barnehage	16,4	19	17	17	1	1	1	20	18	18
274	Solsida barnehage	22,7	21	20	25	4	4	4	25	24	29
275	Førde familiebarnehage	12,13	14	16	13	0	1	0	14	17	13
276	Vieåsen barnehage	15,1	14	20	17	3	5	4	17	25	21
277	Tusenfryd barnehage	19	18	20	19	3	3	2	21	23	21
278	Hatlehaugen barnehage	10,57	11	13	19	2	1	0	13	14	19
279	Ytre Hafstad barnehage	17,1	15	18	-	3	3	-	18	21	-
310	Helse og born	31,4	33	29	51	4	3	16	37	32	67
314	Kronborg ressursshage	17	17	20	15	4	4	5	21	24	20
315	Bu- og miljøtenesta	68,14	90	80	38	23	17	10	113	97	48
320	Leges. og rehabilitering	21,18	24	24	-	8	10	-	32	34	-
340	Psykiatritenesta	24,53	24	23	20	5	7	10	29	30	30
355	NAV	13	11	13	13	3	3	4	14	16	17
372	Heimetenester	70,79	96	94	84	11	12	6	107	106	90
373	Kjøkkentenesta	11,02	17	16	17	1	1	1	18	17	18
374	Helset., skjerma eining	16,07	28	26	24	1	1	1	29	27	25
375	Helsetunet, eining 2	31,83	50	54	32	0	2	0	50	56	32

376	Helsetunet, eining 3	13,27	23	29	42	0	0	1	23	29	43
500	Kultur	14,47	14	14	15	9	9	9	23	23	24
610	Byggesak og arealforvalt.	12,8	3	4	-	10	10	-	13	14	-
620	FDV	59,48	41	38	42	27	29	23	68	67	65
670	Teknisk drift	6,32	1	1	1	26	25	14	27	28	15
671	VAR	17,86	2	2		17	16		19	18	15
	Sum tilsette ⁽¹⁾		913	903	833	295	293	275	1208	1196	1108
	Prosentvis fordeling		75,58	75,5	75,2	24,4	24,5	24,8			
	Årsverk		707	698	642	239	234	220	946	932	862

Merknad

Sum tilsette totalt samsvarar ikkje med summen av tal tilsette i alle einingane til saman då det er 30 tilsette som arbeider på fleire einingar og som såleis vert telt fleire gongar.

Kommentar:

Tal tilsette auka med 12 frå 2013 til 2014. Tal årsverk auka med 14.

Kvinner er i sterkt fleirtal og utgjer 75,6 % av alle tilsette i Førde kommune – tilsvarande nivå som for 2013. Andelen menn utgjer såleis 24,4 % av den totale arbeidsstokken.

Nasjonale tal for kommunesektoren for 2013 er 79 % kvinner og 21 % menn.

Førde kommune ligg såleis litt under gjennomsnittet når det gjeld kvinneandel.

Når det gjeld verksemdsleiarar (einingsleiarar), så er gjennomsnittet i kommunane på 72 % kvinner og 28 % menn (2013- tal). I Førde kommune derimot er talet 55 % kvinner og 45 % menn.

3.2 Kjønnfordelt oversikt over heiltids- og deltidstilsette

	Totalt 2014	Kvinner 2014	Menn 2014	Totalt 2013	Kvinner 2013	Menn 2013
Totalt tal tilsette	1208	913	295	1196	903	293
Prosent tal tilsette	100	75,58	24,42	100	75,5	24,5
Tal tilsette med 100 % stilling	590	386	204	581	379	202
Prosent tilsette med fulltid	48,84	42,28	69,15	48,6	42	68,9
Tal tilsette i deltidstilling	619	527	91	615	524	91
Prosent tilsette med deltid	51,24	57,72	30,85	51,4	58	31,1

Kommentar:

I Førde kommune utgjer deltidstillingane totalt 51,24 % av alle stillingane. Dette er 1,75 % under landsgjennomsnittet i kommunal sektor, og ein reduksjon på 0,16 % i høve til 2013.

Av kvinnene så arbeider 57,72 % i deltidstillingar mens tilsvarande tal blant menn er 30,85 % Dette talet er om lag uendra frå 2013.

Deltidstillingar finn ein i alle sektorar men omfanget er stort innan pleie- og omsorgstenesta.

Når ein ser på tal deltidstilsette, er det viktig å huske på at medarbeidarane i dag har mange rettar som gir dei muligheiter til å arbeide deltid. Såleis og derfor vil deltid avle deltid. I tillegg er det ein del stillingar som er/skal vere deltidsstillingar, for eksempel innafor brannvern, helgestillingar for studentar m.v

Når det gjeld uønskt deltid, så er det registrert om lag 20 tilsette som ønskjer å auke stillinga si.

3.3 Kjønnssfordelt lønsstatistikk

Gjennomsnittleg årsløn alle tilsette						
	2014	2013	2008	Auke i kr frå 2013 til 2014	Auke i % frå 2013 til 2014	Auke i % frå 2008 til 2014
Kvinner	429601	410 478	336 951	19 123	4,66	27,50
Menn	465273	446 593	368 621	18 680	4,18	26,22
Alle	438862	419 562	345 392	19 300	4,60	27,06

Kommentar:

Lønsskilnaden har si årsak i at flest kvinner er tilsette i låglønna yrke som reinhald, kontor og i dei forskjellige fagarbeidaryrka. Flest menn er i stillingar kor det er krav om høgare utdanning.

Lønsskilnad mellom kvinner og menn skal ikkje førekome innafor same stillingstype.

Ser vi perioden 2013-2014 så auka løna for kvinner 0,48 %-poeng meir enn for menn. Samanliknar vi perioden 2008 – 2014, så er det og kvinnene som har hatt den største lønsauken; 1,28 %-poeng høgare enn menn.

Gjennomsnittleg årsløn i respektive lønsgruppe sortert på kvinner og menn					
Lønsgruppe	Gjennomsnitt løn kvinner (K)	Gjennomsnitt løn menn (M)	Differanse i kr mellom K og M si løn i 2014	Differanse i % mellom K og M si løn i 2014	Differanse i % mellom K og M si løn i 2013
GRP 1 (inga utd.)	355 437	332 056	23 381	6,58	2,4
GRP 2 (fagarb. Utd.)	376 287	394 169	-17 883	-4,75	-4,5
GRP 3 (høgsskuleutd.)	425 167	436 709	-11 542	-2,71	-4
GRP 4 (høgsskuleutd.m tilleggssutd)	480 290	528 672	-48 382	-10,07	-3,6
KP 5 (div stillingar høg utd)	554 209	598 138	-43 929	-7,93	-4,7
UV1 (lærar)	449 510	435 700	13 810	3,07	5,5
UV2 (adjunkt)	476 002	489 082	-13 079	-2,75	-2,2
UV3 (adjunkt m tilleggssutd)	510 094	504 174	5 919	1,16	-1,3
UV5 (lektor med tillegg)	558 906	548 600	10 306	1,84	-4,12

Kommentar:

I lønsgruppe GRP 1 – 4 så spelar lønsansienniteten ei stor rolle. I GRP 1 er det mange yngre menn med låg lønsansiennitet, noko som fører til ei lågare gjennomsnittsløn. I GRP 2-3 derimot er bildet motsatt. Her er det fleire yngre kvinner med lågare lønsansiennitet enn deira mannlege kollegaer. I GRP 4 kor differanse er størst, skuldast dette at dei fåtal mannlege tilsette som er lønsplassert i denne lønsgruppa har leiarstillingar, er omplasserte leiarar eller har tunge sakshandsamarstillingar.

I KP 5 er det fleire menn enn kvinner i «tyngre stillingar». Det fører til at menn har ei høgare gjennomsnittsløn.

I undervisningsstillingane (UV1-5) har kvinner og menn same løn. Der det er skilnad skuldast dette høgare lønsansiennitet hos dei kvinnelege arbeidstakarane i UV1, 2 og 5.

I UV2 er mange av dei mannlege assisterande rektorane lønsplassert. Desse har høgare løn enn ordinære adjunktstillingar. Derfor har menn høgare løn her.

Gjennomsnittsløn leiarar (Omfattar rådmann, kommunalsjefar og einingsleiarar med rådmann/kommunalsjef som næraste overordna)								
	2014		2013		2009			
	Tal leiarar	Løn	Tal leiarar	Løn	Tal leiarar	Løn	Lønsauke i % frå 2013 til 2014	Lønsauke i % frå 2009 til 2013
Kvinner	24,9	654 338	24	628 027	22	508 281	4,19	28,74
Menn	20	720 855	21	692 738	23	557 974	4,06	29,19
Gjennomsnitt		683 967		658 293		533 793	3,90	28,13

Kommentar:

I 2014 så auka løna med 3,9 % i gjennomsnitt for leiarar mot 4,6 % for alle arbeidstakaren i kommunen.

Løna generelt er høgare blant mannlege leiarar då fire av fem rådmenn/kommunalsjefar er menn. Dei har naturleg nok høgare løn enn einingsleiarane

Lønsdifferansen mellom mannlege og kvinnelege leiarar i 2014 er på om lag kr 66.517. Dette er ein auke på kr 1806 frå 2013. Derimot er dei kvinnelege leiarane som i 2014 har hatt den største lønsauken med 0,13 %-poeng høgare enn menn.

Samanliknar ein løna på einingsleiarar (leiarar minus Rådmann/kommunalsjefar), så er skilnaden mellom menn og kvinner på kr 38.178. Dette er ein reduksjon på kr 4374 iht 2014.

Årsaka til at menn har høgare lønn enn kvinner, er i hovudsak at fleire mannlege leiarar har stillingar på større einingar som er høgare lønna.

3.4 Uttak av permisjon/tapte dagsverk pga permisjon sortert på kjønn (i prosent av moglege dagsverk)

Periode: Fjerde kvartal 2013 til tredje kvartal 2014. Utskrift frå PAI/KS.

	Totalt			Barns sjukdom			Svangerskaps-/omsorgspermisjon			Anna permisjonar med løn		Permisjonar utan løn	
	2014	2013	2009	2014	2013	2009	2014	2013	2009	2014	2013	2014	2013
Kvinner	3,38	4,4	3,5	0,45	0,5	0,4	1,96	3,3	2,5	0,97	0,6	0,29	0,6
Menn	2,63	2,3	1,9	0,29	0,3	0,2	1,56	1,4	1,0	0,78	0,6	0,08	0,1
Sum	3,18	3,9	3,0	0,4	0,5	0,4	1,86	2,8	2,1	0,92	0,6	0,23	0,5

Kommentar:

Det er ein reduksjon i uttak av permisjonar frå 2013 til 2014 på 0,7 prosentpoeng. Dette skuldast i hovudsak mindre uttak av svangerskaps-/omsorgspermisjonar på nesten eitt prosentpoeng. Her er det verd å merke seg at uttak av denne type permisjon for kvinner går ned mens uttaket for menn aukar.

I tillegg er det noko mindre uttak av andre permisjonar med og utan løn.

3.5 Alderssamansetning

I 2013 viste alderssamansetjinga i kommunane i Norge eit gjennomsnitt på 44,8 år, og 12 % av årsverka blei utført av tilsette eldre enn 59 år.

I 2014 er tilsvarende tal for Førde kommune 44,1 år og 13,8 %.

Alderssamansetjinga i Førde kommune er såleis på eit gjennomsnittleg nivå.

3.6 Kjønnsdelt statistikk i forbindelse med personalpolitiske satsingar

I samsvar med kommunen sine lønspolitiske retningslinjer vert det gitt lønstillegg etter kompetanseheving som ikkje inngår i grunnløna. Tabellen under viser kor mange innafor kvart kjønn som har eit slikt tillegg:

Kjønn	Tal i 2014	Prosentvis av tal tilsette 2014	Tal i 2013	Prosentvis av tal tilsette 2013	Tal i 2010	Prosentvis av tal tilsette 2010
Kvinner som har tillegg	167	13,8%	150	12,5%	84	7,5 %
Menn som har tillegg	37	3,1%	35	2,9%	17	1,5 %

Kommentar:

Med utgangspunkt i tal tilsette i kommunen, så er det flest kvinner som har gjennomført kompetansehevende tiltak.

Det har vore ein minimal auke frå 2013 når det tal tilsette som har fått utteljing for kompetansegivande tiltak - men likevel 17 fleire kvinner enn i 2013.

Ser vi litt tilbake i tid og samanliknar med året 2010, så har tal tilsette som har fått kompetansetillegg dobla seg.

3.7 Tiltak for å fremme likestilling og hindre forskjellsbehandling

Eigen «Plan for å fremme likestilling og hindre diskriminering» blei implementert i kommunen i 2011.

I tillegg vil det innafor ny overordna Arbeidsgjevarpolitikk bli arbeidd med fleire tiltak innafor dette området.

4 Etikk

Dei siste åra har det blitt arbeidd målretta for å sikre at høg etisk standard ligg til grunn for alt arbeid som kommunen utfører. Døme på tiltak som tidlegare har blitt sett i verk er:

- Opplæring til alle leiarane i kommunen
- Medarbeidarundersøkingar som har spørsmål knytt til etikk
- Etablering av internt innkjøpsforum
- Leiarsamlingar kor etiske problemstillingar har vore på dagsorden
- Etablering av leiarnettverk
- Utarbeiding av rutinar for innkjøp og tilvising
- Utarbeida rettleiar for bruk av sosiale media i Førde kommune
- Styrevervregisteret til KS
- Medlemskap i Transparency International Norge.
- Varslingsordning for kritikkverdige forhold

I 2009 deltok tilsette på ulike nivå i organisasjonen i arbeidet med å utarbeide visjon, verdier, leiingsprinsipp og etiske retningslinjer. I tillegg vart det i 2009 utarbeidd eit nytt system knytt til helse, miljø og sikkerheit. I dette ligg også nye rutinar for varslingsordning om kritikkverdige tilhøve, internrevisjon og avvikshandtering.

Opplæringsplanen for Førde kommune fokuserer både på forvaltningspraksis og etiske refleksjonar på ulike nivå i organisasjonen. I introduksjonskurs for tilsette og for leiarar er etikk vektlagt. Annakvart år gjennomfører Førde kommune medarbeidarkartlegging der etikk også er ei sentral spørsmålsstilling. Får rådmann kjennskap til ting som kan tyde på misleghald eller forsøk på misleghald vert dette teke opp med den det gjeld.

I 2013/2014 er det gjennomført eit leiarprogram for leiargruppa med assistanse frå KS konsulentane. I tillegg til opplæringspakken som er retta mot einingsleiarane (sjå punkt 1), er det også starta eit leiarprogram for einingsleiarane som vart avslutta i 2014. Også dette skjer med assistanse frå KS-Konsulentane. I begge desse programma var god forvaltningspraksis og etikk sentrale tema.

Høg etisk standard skal ligge til grunn for alt arbeid i Førde kommune. Dette inngår som mål i handlingsplanen for 2015-2018. Etiske retningslinjer er i 2014 sett fokus på i organisasjonen på ein god måte. Det er gjennomført folkevaldopplæring der etikk var tema. Einingane skal rapportere om fokuset på etikk i årsrapporten.

5 Eigenkontroll

Kommunen har eit sjølvstendig ansvar for å føre kontroll med eiga verksemd. Rådmannen har det overordna ansvaret for å ha *betryggande kontroll* med administrasjonen – **Rådmannens eigenkontroll** – slik det vert pålagt i Kommuneleova og følgjer av mange særlover. Eigenkontroll går inn som ein viktig del i det samla leiaransvaret rådmannen og einingsleiarane har i dagleg drift.

Eigenkontroll er ikkje noko rådmannen har, pr. definisjon – men er noko rådmannen *arbeider mot*, i eit systematisk og langsiktig perspektiv. Rådmannen ser føre seg at først i 2016 vil eigenkontroll vere fullt ut integrert i det ordinære styringssystemet til kommunen.

Eigenkontroll som tema har hatt prioritet på rådmannsnivå i 2014. Sentralt dette året har vore, og vil bli i endå sterkare grad dei komande åra, å skifte fokus frå å ha internkontrollsystem til ein *heilskapleg, risikobasert eigenkontroll*.

- **2014 – Pilot-år/mognings-år i det kommunale eigenkontrollarbeidet:**
 - Controller tilsett som rådgjevar for rådmannens eigenkontroll, første arbeidsår
 - Framdriftsplan for eigenkontrollaktivitetar for året er godkjent av toppleiargruppa
 - Eigenkontroll lagt inn som punkt i Tiltaksplan til alle einingane
 - Eigenkontroll har vore fast tema i utvida toppleiargruppe gjennom året
 - Controllergruppe på tre personar er etablert og har drive det løpande eigenkontrollarbeidet på rådmannsnivå
 - Controller har delteke ved eksterne tilsyn, og i beredskapsarbeid, for å tilpasse eigenkontrollen statlege krav og føringar
 - Pilot-einingar i fleire sektorar har arbeidd med prioriterte eigenkontrollaktivitetar
 - Lean Management-verktøy for kontinuerleg forbetring av arbeidsprosessar er utprøvd i ei eining
 - Det er gjennomført risikovurderingar i fleire einingar for å avdekkje risiko og etablere avbøtande tiltak
 - Rutinar, malverk og dokumentasjon for eigenkontroll er utvikla
 - Rådmannen har starta arbeidet med å etablere eit nytt elektronisk system for Rådmannens eigenkontroll, med modular for *dokumentstyring* (rutinar og prosedyreverk); *risikovurderingar* og elektronisk melding og oppfølging av *avvik*

SEKOM-sekretariat

Saksgang Førde kontrollutval	Møtedato 10.04.2015	Saksnr 018/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-040	Arkivsaknr.: 14/356
---	-------------------------	-------------------------------

Oppfølgingsliste 3-2015

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følgje opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
22/09 Kontrollutvalsarbeid – tiltak	10.11.2009	-Informasjon frå administrasjonen. -Tertialrapportar. -Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. -Informasjon frå revisor om arbeidet med finansiell revisjon. -Kvalitetsrapportar frå revisor.
Forvaltningsrevisjon: Korrekt handsaming av din sak	20.6.2014 20.6.2014 8.9.2014	Sak 29/14 vedtak: Kontrollutvalet tingar forvaltningsrevisjon om: Korrekt handsaming av di sak. 1. Forvaltningsrevisjonen vert avgrensa til tekniske tenester 2. Vurder handsaming i høve forvaltningslova og offentleglova 3. I kva grad handsaminga er i tråd med gjeldande regelverk Framlegg til prosjektplan vert lagt fram på møte den 8. september 2014. Frist for rapport frå prosjektet: 1. juni 2015 . Tinginga sendt til Kryss revisjon. Sak 035/14 vedtak: Kontrollutvalet tek prosjektplanen til orientering.
002/15 Skriv og meldingar 1-2015	6.2.2015 9.2.2015	Fylkesmannen sin tilsynsrapport med Førde kommune som barnehagemyndigheit. Frist for retting av lovbrøt 2.3.2015. Sendt e-post til Førde kommune og bedt om å få kopi av svarbrev til Fylkesmannen.

	24.3.2015	Sendt ny førespurnad til Førde kommune, og bedt om oversending innnan 30.3.2015.
003/15 Revisor sin eigenvurdering av uavhengigheit	6.2.2015 6.2.2015 26.3.2015	Vedtak: Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor for Førde kommune, Terje Førde, si eiga vurdering av revisor sin uavhengigheit datert 20.1.2015 til vitande. Sendt som informasjon til Førde kommune/bystyret. Referatsak 013/15 i bystyret.
004/15 Årsmelding 2014 – Førde kontrollutval	6.2.2015 6.2.2015 24.3.2015 26.3.2015	Vedtak: Årsmelding 2014 frå Førde kontrollutvalet vert godkjent. Sendt til Førde kommune/bystyret for handsaming. Sendt førespurnad til Førde kommune sidan årsmeldinga står som referatsak til bystyret 26.3.2015. Sak 014/15 i bystyret.
005/15 Møteplan 2015 Førde kontrollutval	6.2.2015 6.2.2015	Vedtak: Møteplan 2015 for Førde kontrollutval vert godkjent med følgjande datoar: 6. februar, 6. mars, 10. april, 27. mai, 19. juni, 24. august, 23. oktober og 11. desember. Bestilt møterom for resterande møter i 2015.
009/15 Skriv og meldingar 2-2015	5.3.2015	Vedtak: Rådmannen møter på neste møte for å orientere om arbeidet dei held på med i forhold til internkontroll. Skriv og meldingar vert elles teke til orientering. Sendt til Førde kommune/rådmannen, med info om neste møte, og frist for utsending av saksdokument.
013/15 Eventuelt	5.3.2015	Vedtak: Bjarte Urnes deltar på Fagkonferansen til FKT. Han melder seg på sjølv, og gir melding om det til SEKOM.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Førde kontrollutval	Møtedato 10.04.2015	Saksnr 019/15
--	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/214
---	----------------------	-------------------------------

Eventuelt

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).